


Kommunedelplan for naturmangfold

Øystre Slidre kommune



Forord

Kommunen har eit viktig ansvar for å ta vare på naturmangfaldet innanfor sine grenser. Kommunedelplanen for naturmangfald skal vere eit sentral verktøy i dette arbeidet, både som kunnskapsgrunnlag og som styringsreiskap. Planen skal nyttast aktivt i arealplanlegging, men òg i anna kommunal planlegging og forvaltning der omsynet til naturverdiar er viktig.

Gjennom arbeidet med planen blir gjeldande kunnskap om naturmangfaldet i kommunen samla, vurdert og systematisert. Dette gjer det mogleg å synleggjere dei store verdiane som finst i naturen vår, og å gjere denne kunnskapen tilgjengeleg for innbyggjarar, politikarar, grunneigarar og andre aktørar. Planen skal bidra til å styrkje forståinga for korleis naturen heng saman, og kvifor det er viktig å ta vare på økosystem og leveområde for artar – både for framtidige generasjonar og for dagens samfunn.

Ved å integrere naturmangfaldet i kommunale planar og prosessar, legg vi til rette for ei meir berekraftig utvikling. Planen skal støtte opp under gode avgjerder, gi betre oversikt over eksisterande kunnskap og peike på kunnskapshol som bør fyllast. Målet er å skape større føreseielegheit, effektivitet og lokal forankring i avveginga mellom bruk og vern av naturen.

Forsidebiletet syner Bitihorn frå Knausehøgda. Foto: Idunn Skjerdingsstad.

Innhald

Forord	2
1. Innleiing.....	5
1.1 Bakgrunn og føremål	5
1.2 Prosess, oppfølging og rullering.....	6
1.3 Organisering og medverknad.....	6
2. Vilkår og lovverk	7
2.1. Internasjonale avtalar.....	7
2.2. Nasjonale lover og føringar	8
2.3. Regionale og lokale retningslinjer	9
3. Kva er naturmangfald?	11
3.1. Viktige hovudtrekk og kunnskapsgrunnlag.....	11
3.1.1. Artsdatabanken	11
3.1.2. Miljødirektoratet	16
3.1.3. NIBIO Kilden	17
3.1.4. Vann-Nett og VannMiljø.....	18
4. Kommunal forvaltning.....	19
4.1. Miljødirektoratet – Rettleiar for kommunane	22
4.2. Arealplanlegging og konsekvensutgreiing.....	22
4.2.1 Naturmangfald i reguleringsplanar	23
4.2.2 Areal- og naturrekneskap	23
4.3. Frådeling av eigedom/tomt	24
4.4. Byggesakshandsaming (naturmangfald i byggesakshandsaming)	24
4.5. Massedeponering	25
4.6. Spreidd avlaup	25
4.7. Jordlovshandsaming og tilskotsordningar i jordbruket.....	26
4.8. Skogbruksforvaltning.....	27
4.8.1 Praktisk bruk av naturmangfaldlova ved handsaming av skogsaker	28
4.8.2 Norsk PEFC Skogstandard	28
4.8.3. Vernskog	29

4.8.4. Frivillig vern av skog	29
4.8.5. Skogfondsordninga	30
4.8.6. Tilskotsordningar i skogbruket	30
4.8.7. Landbruksveg	31
4.9. Kantsoner langs vassdrag	31
4.10. Friluftsliv	32
4.11. Motorferdsel	33
5. Naturmangfaldet i Øystre Slidre kommune	34
5.1. Kartlagte naturtyper (NiN) i Øystre Slidre	35
5.2. Skog	36
5.3. Våtmark og myr	38
5.4. Vatn og vassdrag	40
5.5. Kulturlandskap	44
5.6. Fjellområda	49
5.7. Verneområde	51
5.7.1. Verna vassdrag	53
5.8. Vilt	54
5.9. Grøn infrastruktur og nærnatur	56
5.10. Påverknadsfaktorar som trugar naturmangfaldet	57
5.10.1. Framande artar	58
5.10.2. Klimaendringar	61
5.11. Ansvarsartar og -naturtypar i Øystre Slidre kommune	62

1. Innleiing

I Noreg har vi alltid levd i tett samspel med naturen, og slik vil det halde fram i overskodelig framtid. Måten vi nyttar naturen på, påverkar naturmangfaldet, som igjen påverkar oss. Ei av dei største utfordringane er risikoen for å overbelaste naturen. For å kunne fortsetje å dra nytte av dei mange tenestene til naturen, er det naudsynt med ei langsiktig og berekraftig forvaltning. Slik kan vi sikre at vi også i framtida kan nyte godt av naturens godar.

Det nasjonale arbeidet for å bevare naturmangfald peiker på den avgjerande rolla kommunane har for naturmangfaldet gjennom arealplanlegginga.

Regjeringa skriv i Meld. St. 35 (2023-2024) Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfald:

«Norge er et langstrakt land med stor variasjon. Vi har store og små byer og tettsteder, jordbruksarealer og utmark, fjell og skog, kyst og store havområder. Vi er også et land der folk bor spredt og kommunene har ansvaret for svært mye av utviklingen, både i samfunnet og for naturen. Kommunene har en nøkkelrolle i arbeidet for å nå naturmålene. Kommunene har best lokalkunnskap og kjenner best til lokale behov. Samtidig har de store oppgaver på mange felt og regjeringen ønsker å gi kommunene enda bedre verktøy og muligheter til å treffe gode, langsiktige beslutninger som ivaretar både naturmangfoldet og samfunnets behov.»

1.1 Bakgrunn og føremål

Øystre Slidre kommune sin visjon er rein naturglede. Som forgard til Jotunheimen, ein nasjonalparkkommune i Langsua og med sine velhaldne stølslandskap, byr kommunen på innhaldsrike og mangfaldige naturopplevingar gjennom alle fire årstider. Eit mål er at flest mogleg skal få oppleva gleda ved å vere i storslått landskap utan skjemmande inngrep og ureining – også i framtida. Rein naturglede er også ein føresetnad for dei viktigaste næringane i kommunen: landbruk og reiseliv.

Hovudmålet med kommunedelplanen for naturmangfald er å sikre ein heilskapleg og nevenyttig oversikt over det lokale naturmangfaldet, prioritert arealbruk og tiltak, og integrera miljøomsyn i arealplanlegginga.

Kommunedelplanen skal vere eit viktig grunnlag for avgjersler og den skal gje ein føreseieleg sakshandsaming. Eit delmål er å auke kompetansen til dei tilsette i kommunen, politikarane våre, innbyggjarane og fritidsinnbyggjarane. Eit anna delmål er å gjere det enklare for tiltakshavarar og private aktørar å synleggjere dei naturfaglege faktorene som vil påverke ein plan om arealendring tidleg i prosessen.

Vidare skal planen forankre eksisterande kunnskap om naturmangfaldet og sikre at kunnskapsgrunnlaget aukar i framtida. Det vert lagt vekt på å framheve kva type verkemidlar, verktøy og moglegheiter som finst i lowverket og i den offentlege forvaltninga. Det er viktig å formidle kunnskap om kva hjelpemiddel både offentlege og private aktørar kan nytte seg av for å kunne gjennomføre prosjekt i framtida.

1.2 Prosess, oppfølging og rullering

Framdriftsplan:

<i>Varsel om oppstart m/ Planprogram i seks veker</i>	<i>7. februar – 21. mars 2025</i>
<i>Fastsetting av planprogram i teknisk komité og kommunestyret</i>	<i>22.05.2025 – 20/25 12.06.2025 – 31/25</i>
<i>Naturkartlegging</i>	<i>Juni – juli 2025</i>
<i>Kartleggingsrapport</i>	<i>Januar 2026</i>
<i>Planutkast på høyring i seks veker</i>	<i>Våren 2026</i>
<i>Vedtak av naturmangfaldsplan i kommunestyret</i>	<i>10.09.2026</i>

1.3 Organisering og medverknad

Kommunedelplanen for naturmangfald skal gje langsiktige mål for naturmangfald, og skal vere eit verktøy og styringsdokument for politikarar og administrasjon i kommunen.

Planen skal vere overordna, med mål, strategiar og handlingsplan, og skal utarbeidast etter prosesskrava i plan- og bygningslova. Ein slik plan vil ikkje vere juridisk bindande for arealbruk, men planarbeidet vil opne for brei deltaking og politiske diskusjonar om prioriteringar knytt til naturmangfald. Planavdelinga i kommunen har ansvar for arbeidet og har fungert som prosjektgruppe, leia av tenesteleiar og naturforvaltar.

Kommunen har motteke tilskot frå Miljødirektoratet gjennom Natursats til arbeidet med planen.

For god medverking skal det gjennomførast opne møter der privatpersonar og foreiningar kan kome med innspel.

2. Vilkår og lovverk

Alle kommunane i Noreg er gjennom internasjonale avtaler forplikta til å kjenne til og ivareta sitt naturmangfald. For å drive god naturforvaltning er det difor behov for kunnskap om naturverdiane som finst i kommunen.

For å sikre ei berekraftig forvaltning av naturmangfaldet, er det avgjerande med god kunnskap om naturen si utbreiing og tilstand. Kartlegging av natur skjer etter instruks frå Miljødirektoratet, og byggjer på det nasjonale systemet Natur i Noreg (NiN). Dette systemet gir ein felles standard for å beskrive og klassifisere naturtypar, og legg grunnlaget for samanliknbar og kvalitetssikra informasjon.

Kartlegginga omfattar både utvalde naturtypar, som er gitt særskilt vern etter naturmangfaldlova, og raudlista naturtypar, som er vurdert som truga i Noreg. I tillegg vert det gjort registreringar av truga artar, som har særskilde krav til leveområde.

Det er i dag anslått at berre om lag 25-30 prosent av verdifull natur i Noreg er kartlagt. Dette betyr at store delar av landet framleis manglar oppdatert og detaljert kunnskap om naturverdiar.

I tråd med forvaltningslova § 17 skal offentleg forvaltning vere kunnskapsbasert, og saker skal vere godt opplyst før vedtak blir fatta. Kartlegging av natur gir eit viktig kunnskapsgrunnlag som gir oversikt over verdifulle naturverdiar i kommunen. Slik kunnskap legg til rette for tidlege avklaringar i plansaker og gjer det enklare å rettleie utbyggjarar og grunneigarar. Det bidreg til meir føreseielege prosessar og reduserer risiko for konflikhtar.

Det er fleire lover og forskrifter som er aktuelle i samband med naturmangfald. Dei mest vesentlege er framstilt i dette kapittelet.

2.1. Internasjonale avtalar

FNs naturavtale: Avtalen har som mål å stoppe tapet av naturmangfald og gjenopprette øydelagt natur. Eit av hovudmåla er å verne 30 prosent av all natur på land og i havet innan 2030.

Konvensjonen om biologisk mangfald (CBD): Konvensjonen har som mål å bevare biologisk mangfald, fremje berekraftig bruk av naturressursar og sikre rettferdig fordeling av fordelane frå bruk av genetiske ressursar.

FNs berekraftsmål: Berekraftsmåla er ein felles arbeidsplan for heile verda, der ein jobbar for å utrydde fattigdom, nedkjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Innarbeiding av berekraftsmåla i alle kommunale og private planar vil få stort fokus i tida framover.

2.2. Nasjonale lover og føringar

Grunnlova § 112: «Alle har rett til eit helsesamt miljø og ein natur der produksjonsevna og mangfaldet blir haldne ved lag. Naturressursane skal disponerast ut frå ein langsiktig og allsidig synsmåte som tryggjer denne retten òg for kommande slekter. Borgarane har rett til kunnskap om korleis det står til med naturmiljøet, og om verknadene av planlagde og iverksette inngrep i naturen, slik at dei kan tryggje den retten dei har etter førre leddet.»

Statlege planretningar for arealbruk og mobilitet: Føremålet med desse retningslinjene er å sikre ei samordna og berekraftig bustad-, areal- og transportplanlegging, samt bidra til meir effektive planprosessar.

Statlege planretningar for klima og energi: Føremålet med desse retningslinjene er å sikre at klima og energi vert vektlagt i planlegging etter plan- og bygningslova og i offentlig verksemd som omhandlar klimagassutslepp og klimaendringar.

Naturmangfaldlova: Denne lova, som trådte i kraft i 2009, har som føremål å sikre at naturmangfaldet blir teke vare på gjennom berekraftig bruk og vern. Lova legg vekt på føre-var-prinsippet og økosystemtilnærminga.

Plan- og bygningslova: Denne lova regulerer arealplanlegging i Noreg og er viktig for å sikre at naturmangfaldet blir teke omsyn til i kommunal og regional planlegging.

Vassressursloven: Denne lova har som føremål å sikre ein samfunnsmessig forsvarleg bruk og forvaltning av vassdrag og grunnvatn.

Motorferdselslova: Føremålet med denne lova er å regulere motorferdsel i utmark og vassdrag for blant anna å verne om naturmiljøet.

Jordlova: Jordlova har som mål å sikre at jord, skog og fjell vert brukt på ein samfunnsgagnleg måte, med omsyn til både noverande og framtidige generasjonar. Dette inkluderer å verne om naturmangfaldet ved å hindre at dyrka jord vert brukt til ikkje-jordbruksformål utan nødvendig godkjenning.

Skogbrukslova: Skogbrukslova fremjar ei berekraftig forvaltning av skogressursane med sikte på aktiv verdiskaping, samtidig som ein sikrar det biologiske mangfaldet, landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen.

Friluftsløva: Friluftsløva har som føremål å verne naturgrunnlaget for friluftsliv og sikre allmennheita sin rett til ferdsel og opphald i naturen.

Forureiningslova: Har som føremål å verne det ytre miljøet mot forureining, redusere eksisterande forureining og avfall, og fremje ei forsvarleg handtering av avfall. Lova skal sikre god miljøkvalitet, slik at forureining og avfall ikkje fører til helseskade, svekker trivselen eller skadar naturen si evne til produksjon og sjølvfornyng.

Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfald:

Denne stortingsmeldinga legg fram regjeringa sin strategi for å bevare naturmangfaldet i Noreg. Den understrekar viktigheita av kommunane si rolle i arealforvaltninga og bevaring av naturmangfald.

Meld. St. 35 (2023-2024) Berekraftig bruk og bevaring av natur:

Denne stortingsmeldinga legg fram regjeringa sin handlingsplan for natur, og deira strategi for berekraftig bruk av naturen og bevaring av naturmangfald.

Stortingsmelding 40 (2020-2021) «Mål med mening – Norges handlingsplan for å nå

berekraftsmåla innan 2030: Meldinga er regjeringa sin plan for korleis Noreg skal nå berekraftsmåla. Meldinga går gjennom dei 17 berekraftsmåla og dei 169 delmåla, og omtalar utfordringane for Noreg og regjeringa sin politikk på desse områda.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027:

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet. Fylkeskommunane og kommunane skal følgje opp dei nasjonale forventningane i planstrategiar og planar. Forventningane skal også leggjast til grunn av statlege styresmakter når dei medverkar i planlegginga.

Verneplan for vassdrag (I, II, III, IV): Stortinget vedtok Verneplan for vassdrag i 1973, 1980, 1986, 1993, 2005, 2009 og 2018. (Verneplan I, II, III, IV, suppleringsplan, avsluttande suppleringsplan og Prp. 35 S). Verneplanen, som består av 390 objekt, omfattar ulike vassdrag som til saman skal utgjere eit representativt utsnitt av Noregs vassdragsnatur. Hensikta med verneplanen er å sikre heilskaplege nedbørfelt og variasjon frå fjell til fjord. Vernet gjeld fyrst og fremst mot vasskraftutbygging, men verneverdiane skal også takast omsyn til ved andre inngrep.

2.3. Regionale og lokale retningslinjer

Det er fleire regionale og lokale retningslinjer som er relevante for naturmangfald:

Kommuneplanen sin arealdel (KPA): Eit viktig styringsverktøy for bruk av areal i kommunen. KPA syner samanhengen mellom arealdisponeringa, mål og strategiar gitt i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020 – 2032: Kommuneplanen sin samfunnsdel har fokus på å gjere innbyggjarar og hytteeigarar merksame på betydninga av å bevare naturen. Arealinngrep som skader naturmangfaldet skal reduserast.

Planstrategi 2024 – 2027: Strategien legg vekt på å fremje berekraftig utvikling og ta vare på naturmangfaldet i kommunen. Dette inkluderer tiltak for å redusere arealinngrep som kan skade naturen, og sikre at naturverdiane blir vareteke ved ulike

inngrep. Planstrategien legg til grunn at vi skal integrere FN sine berekraftsmål i planlegginga, noko som inkluderer mål for å take vare på det biologiske mangfaldet.

Kommunedelplan for vassmiljø, vassforsyning, avløp 2018 – 2028:

Kommunedelplanen er utarbeidd for forvaltningsområda vassmiljø, vassforsyning og avlaup. Planen skal sikre at kommunen oppfyller krava i vassforskrifta gjennom betre vassmiljø, trygg vassforsyning og robuste avløpsløyser. Tiltaka reduserer tilførsel av næringsstoff og ureinsa avlaup, noko som styrkjer økologisk tilstand i særleg sårbare fjellvatn. Dette gir betre leveforhold for fisk, vasslevande organismar og naturtypar som er avhengige av reint og stabilt vassmiljø.

Verneplan for Øystre Slidreåne naturreservat: Planen har som mål å bevare eit variert område med gamal barskog, bekkekløftmiljø, sumpskog, gamal lauvskog og kalkrik skog. Området er viktig for sjeldne, sårbare og truga artar.

Sti- og løypeplan 2022 – 2026: Sti- og løypeplanen fokuserer på å leggje til rette for fysisk aktivitet, samtidig som den tek omsyn til naturmangfald. Planen inkluderer tiltak for å redusere konflikter mellom landbruk og reiseliv, og sikrar tilgang til rekreasjonsområde.

Regional plan for vassforvaltning: Vassforskrift for Innlandet og Viken vassregion som skal sikre god vassforvaltning.

3. Kva er naturmangfald?

Naturmangfald, eller biologisk mangfald, er eit omgrep som viser til variasjonen av liv i naturen. Det vil seie forskjellane innanfor ein art, mellom ulike artar og mellom økosystema dei lever i.

Naturmangfald omfattar mangfaldet av økosystem, artar og genetiske variasjonar innanfor artane, og dei økologiske samanhengane mellom desse komponentane, slik det er definert i naturmangfaldlova. Eit rikt artsmangfald gjer naturen meir produktiv og robust. Artane verkar saman i komplekse næringskjeder og kretsløp, der kvar art har si rolle, som å pollinere, spreie frø, bryte ned organisk materiale eller produsere biomasse, og bidreg til å halde økosystema i balanse.

Artsmangfaldet er ofte best bevart og rikast i område som har fått utvikle seg fritt over lang tid, til dømes i urskogar. Det finst òg eit stort artsmangfald i kulturlandskap der det har vore drive jordbruk gjennom fleire generasjonar.

Ein av truslane mot naturmangfaldet er arealendringar. Dette omfattar mellom anna bygging av infrastruktur og bygningar i urørte område, flatehogst av skog og attgroing av kulturlandskap. Då blir leveområda til artane i eit område endra så mykje at dei ikkje lenger klarer å overleve der, eller må finne nye stader å slå seg ned. Forureining og klimaendringar påverkar også fleire artar.

3.1. Viktige hovudtrekk og kunnskapsgrunnlag


Det finst ei rekke verktøy som gjer det mogleg å kartleggje, registrere og ta i bruk tilgjengeleg kunnskap om naturen. Desse bidreg til å sikre eit robust fagleg fundament for avgjerder innan naturforvaltning, arealplanlegging og politikkutforming.

3.1.1. Artsdatabanken

[Artsdatabanken](#) er ein nasjonal kunnskapsbank som samlar, systematiserer og formidlar oppdatert informasjon om naturmangfald. Deira viktigaste oppgåve er å samle inn og framstille informasjon om artar, naturtypar og økologiske samansettingar.

3.1.1.1. Norsk raudliste for artar og naturtypar

Artsdatabanken har ansvaret for norsk raudliste for artar og norsk raudliste for naturtypar. Norsk raudliste for artar og naturtypar er ei fagleg vurdering av kva for slags artar og naturtypar i Noreg som har risiko for å døye ut. At noko er raudlista vil dermed seie at den ikkje lenger har livskraftige bestandar i Noreg. Artar og naturtypar vert plassert i dei ulike kategoriane etter kor truga dei er. Dei ulike kategoriane i raudlista er:




Figur 1: Dei ni kategoriane som nyttast i raudlistevurderingane (Artsdatabanken, CC By 4.0).

Når ein art eller naturtype hamnar i kategorien truga (CR, EN eller VU) betyr det at arten står i ein kritisk situasjon der risikoen for utrydding er høgare. I forvaltninga vil slike artar få særleg merksemd, sidan det er eit nasjonalt mål å bremse tapet av biologisk mangfald, jf. naturmangfaldlova. Kategorien *nær truga* (NT) omfattar artar som ligg nær å bli kvalifisert innan kategorien truga.

Den gjeldande norske raudlista for artar er utarbeida i 2021, og er å finne [her](#).

Den gjeldande norske raudlista for naturtypar er utarbeida i 2025, og er å finne [her](#).



Figur 2: Kartet syner alle registreringar av raudlista artar (CR, EN, VU og NT) i Øystre Slidre kommune per januar 2026. Kartutsnittet er henta frå Artskart, kjelde Kartverket.

Ein **naturtype** er ein einsarta type natur som omfattar alle levande organismar og dei miljøfaktorane som verkar der, eller særskilde typar naturførekomstar som dammar, åkerholmar eller liknande, samt særskilde typar geologiske førekomstar (naturmangfaldlova § 3).

Naturtypane baserer seg på definisjonar frå systemet Natur i Noreg (NiN), som skildrar variasjonen i naturen. I Miljødirektoratet si kartleggingsinstruks er det valt ut 111 naturtypar som skal registrerast. Naturtypane er valde ut på grunnlag av kriterium fastsett av Stortinget. Meir informasjon kan ein finne [her](#).


Nokre naturtypar er ekstra viktige, då dei for eksempel er sjeldne. Derfor er det nyttig for samfunnet å vite kor dei er.

3.1.1.2. Framandartslista

Framandartslista viser kva økologisk risiko framande artar kan utgjere for naturmangfaldet i Noreg. Ein framand art er ein organisme som ikkje høyrer til nokon art eller bestand som førekjem naturleg på staden.

Ikkje alle framande artar er skadelege, og mange av dei kan leve med dei naturlege og stadbundne artane utan synleg negativ effekt. Nokre av dei framande artane kan likevel utgjere ein trugsel, særleg ved å fortrenge stadbundne artar gjennom jakt, konkurranse om næring eller leveområde. Dette kan føre til strukturelle endringar i ulike naturtypar. Framandartslista synleggjer den økologiske risikoen slike artar kan medføre for naturmangfaldet. Ho er utarbeidd av Artsdatabanken i samarbeid med fagekspertar og byggjer på omfattande vurderingar¹. Risikovurderingane gjeld berre påverknad på naturlege økosystem, og ikkje ulemper for til dømes næringar som landbruk.

På grunnlag av vurderinga mot ni kriterium blir artane klassifiserte i ein av fem følgjande kategoriar:




Figur 3: På grunnlag av vurderingar etter ni kriterium blir framande artar klassifiserte i ein av fem kategoriar (CC BY 4.0, Artsdatabanken).

¹ <https://artsdatabanken.no/arter/om-fremmedartslista>

Kva for økologisk risiko ein framand art fører med seg, er eit resultat av både invasjonspotensialet og den økologiske effekten arten har. Dette kan framstillast i ei todimensjonal matrise, der x-aksen viser artens invasjonspotensial og y-aksen den økologiske effekten (figur 4).


Ein framand art som skårar høgt både på invasjonsaksen og effektaksen, utgjer ein stor økologisk risiko i naturen og hamnar difor i ein høg risikokategori².



Figur 4: Syner ulike kombinasjonar av invasjonspotensial og økologisk effekt, og kva risikokategori det resulterer i (CC BY 4.0, Artsdatabanken).

Den gjeldande lista for framande artar er utarbeida i 2023, og er å finne [her](#).

² <https://artsdatabanken.no/Arter/Fremmedartslista/Om-Fremmedartslista/Risikokategorier-og-kriterier>



Figur 5: Kartet syner alle registreringar av framande artar (SE, HI og PH) i Øystre Slidre kommune per januar 2026. Kartutsnittet er henta frå Artskart, kjelde Kartverket.

3.1.1.3. Ansvarsartar og ansvarsnaturtypar

I omgrepet ansvar ligg det at Noreg har eit særleg forvaltningsansvar for enten ein art eller ein naturtype, fordi ein stor del av den europeiske utbreiinga finst her. Artar der minst 25 prosent av den europeiske bestanden finst i Noreg, blir kalla ansvarsartar. Norsk Raudliste for artar 2021 omfattar 4 957 artar, og av desse er 2 752 truga. Om lag 283 av artane blir rekna som såkalla ansvarsartar³. Tilsvarende er ein ansvarsnaturtype ein naturtype som i stor grad finst i Noreg samanlikna med resten av Europa.

3.1.1.4. Karttenester frå Artsdatabanken

Hos Artsdatabanken finn ein [Artskart](#) som syner kartfesta registreringar av artar, både dei som er raudlista og ikkje. Dette kartlaget blir oppdatert kontinuerleg, sidan det er ope for allmenta å rapportere sine [artsobservasjonar](#). Miljødirektoratet ynskjer òg å [kartleggje utbreiinga til framande artar](#).

³ Norsk rødliste for arter 2021, Artsdatabanken, Ansvarsarter – Rødlista i et europeisk perspektiv. Hentet 06.01.2026 fra <https://artsdatabanken.no/Arter/Rodlista-arter/Om-rodlista/Fordypning/Ansvarsarter-Rodlista-i-et-europeisk-perspektiv>

Sårbare artar, til dømes hekkeplassar for rovfugl, er unnateke frå offentleg innsyn i Artskart for å redusere faren for faunakriminalitet. Forvaltningsorgan, som kommunen eller fylkeskommunen, kan få tilgang til desse dataa frå Statsforvaltaren.

Ein finn også eit [NiN-kart](#) som syner kartfesta naturtyperegistreringar. I praksis blir kartlegging etter NiN gjennomført som oppdrag frå ulike sektorar, og skjer etter Miljødirektoratet sin kartleggingsinstruks.

3.1.2. Miljødirektoratet

Miljødirektoratet er eit statleg forvaltningsorgan underlagt Klima- og miljødepartementet, og har som hovudoppgåve å redusere klimagassutslepp, forvalte norsk natur og hindre forureining.

3.1.2.1. Kartteneste frå Miljødirektoratet – Naturbase

[Naturbase](#) er ein teneste utarbeida av Miljødirektoratet. Her kan ein finne kartfesta informasjon om natur og friluftsliv. Desse dataa er samla inn frå andre institusjonar som Artsdatabanken, Riksantikvaren, NIBIO, med fleire. Naturbase gir mellom anna oversikt over desse geografiske dataa:

- Artar av nasjonal forvaltningsinteresse
- Naturvernområde
- Statleg sikra friluftsområde
- Viktige naturtypar og utvalde naturtypar
- Verdifulle kulturlandskap og utvalde kulturlandskap

3.1.2.2. Artar av nasjonal forvaltningsinteresse

Artar av nasjonal forvaltningsinteresse er ei liste over artar i Noreg som Miljødirektoratet meiner er viktige å forvalte, anten fordi dei er truga (raudlista) eller prioriterte etter naturmangfaldlova.

Artar av særleg stor forvaltningsinteresse:

- Truga artar (CR, EN eller VU i Norsk Raudliste for artar)
- **Prioriterte artar** etter naturmangfaldlova §§ 23 og 24.
- Freda artar
- Spesielle økologiske formar
- Andre spesielt omsynskrevjande artar

Artar av stor forvaltningsinteresse:

- Artar som er kategorisert som Nær Truga (NT) i Norsk Raudliste for artar

Noreg har eit særleg ansvar for å ta vare på truga artar og verdifulle naturtypar. Nokre av desse har fått status som **prioriterte artar** eller **utvalde naturtypar** etter naturmangfaldlova §§ 23 og 24.

Når ein art vert vedteken som ein **prioritert art**, er det forbod mot å ta livet av, skade eller øydeleggje den prioriterte arten. Artar som får status som prioritert art må oppfylle minst eitt av desse kriteria: 1) Arten er trua, 2) arten har ein vesentleg del av sin naturlege utbreiing eller genetiske særtrekk i Noreg, og 3) Noreg har internasjonale forpliktingar knytt til arten. I dag har 14 artar status som prioriterte i Noreg. Kvar prioriterte art har sin eigen forskrift med heimel i naturmangfaldlova. [Her](#) kan ein lese meir om prioriterte artar.

Utvalde naturtypar er ein naturtype som er viktig for ein eller fleire prioriterte artar, er truga internasjonalt, eller har stor naturleg utbreiing i Noreg. *Forskrift om utvalgte naturtyper etter naturmangfoldloven* har som føremål å ivareta mangfaldet av desse naturtypane innanfor deira naturlege utbreiingsområde (jf. forskriftas § 1).

Verdifulle kulturlandskap er område med spesielle biologiske, kulturhistoriske, rekreasjonsmessige og estetiske verdiar. Desse områda er forma av menneske over tid gjennom blant anna beiting, støling og anna jordbruk.

Utvalde kulturlandskap er dei mest verdifulle kulturlandskapa som er valt ut av Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet for å sikre verdiar knytt til landskap, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø, til dømes for å sikre langsiktig drift og skjøtsel⁴.

3.1.3. NIBIO Kilden

[Kilden](#) er NIBIO si hovudkartløyising og fungerer som ein sentral portal for kartdata knytt til landbruk, natur og arealressursar i Noreg. Her er alle NIBIO sine eigne datasett samla, i tillegg til eit utval andre nasjonale datasett. Datasetta er sorterte i sju fagområde:

- **Arealinformasjon:** Viser arealtypar og ressurskart, til dømes AR5 (Arealressurskart).
- **Landskap:** Inneheld kartlag som beskriv landskapsformer og naturgeografiske trekk.

⁴ Landbruksdirektoratet. (u.å). *Om utvalgte kulturlandskap*. <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/miljo-og-klima/jordbrukets-kulturlandskap/utvalgte-kulturlandskap-i-jordbruket/om-utvalgte-kulturlandskap>

- **Jordsmonn:** Gir detaljert informasjon om jordtypar, jordkvalitet og eigenskapar som er viktige for landbruket.
- **Reindrift:** Viser beiteområde og annan relevant informasjon for reindriftnæringa.
- **Skogportalen:** Inneheld data om skogressursar, miljøregistreringar (MiS), vernskog og skogbruk.
- **Dyreportalen:** Gir oversikt over ulike dyredata, til dømes beitebruk og dyrehald.
- **Soner for distriktstilskott:** Viser geografiske område som gir grunnlag for ulike tilskotsordningar.

Når ein vel fagområde, kan ein slå på fleire kartlag med ulik informasjon. Kartlaga kan gjerast gjennomsiktige, slik at ein kan kombinere fleire heildekkande kartlag, til dømes arealtypar frå [AR5](#) saman med flyfoto.

3.1.4. Vann-Nett og VannMiljø

[Vann-Nett](#) gir informasjon om tilstanden til ulike vatn, som miljøtilstand, påverknader, tiltak og miljømål i vassførekomstane. Desse dataa hjelper med å identifisere nødvendige tiltak for å oppretthalde eller betre vasskvaliteten. Dataa i Vann-Nett kan visast i kart, faktaark, figurar og rapportformat. Dette kan nyttast til å formidle informasjon om miljøtilstanden og korleis vatnet blir påverka av ulik menneskeleg aktivitet⁵.

[VannMiljø](#) er miljømyndigheitene sitt fagsystem for registrering og analyse av tilstanden i vassførekomstar.

Den økologiske tilstanden i ein vassførekomst refererer til det biologiske mangfaldet og dei abiotiske forholda i ei elv eller innsjø. God økologisk tilstand betyr at artene som lev i vassførekomsten har gode levevilkår og det er få avvik frå naturleg tilstand. Den kjemiske tilstanden i ein vassførekomst syner til konsentrasjonar av kjemiske stoff i vatnet. Den kjemiske tilstanden viser mengda prioriterte miljøgifter og andre uønskte stoff i vatnet, og om desse ligg over eller under grenseverdiane sett i vassforskrifta.

Meir informasjon, vegleiarar, reglar og føringar relevant for vassforvaltninga kan ein finne hos [Vannportalen](#).

⁵ <https://www.vannportalen.no/verktøy/vann-nett/>

4. Kommunal forvaltning

Offentleg forvaltning gjennomfører dagleg enkeltvedtak, fastsetting av forskrifter og tildeling av tilskot som påverkar naturmangfaldet i større eller mindre grad. Kommunen har myndigheit og plikt til å ta hand om naturen og landskapet gjennom kommunal planlegging og anna kommunal forvaltning. Det er viktig at sakshandsaminga skjer i tråd med aktuelt lovverk, mellom anna naturmangfaldlova. Denne lova har ein sektorovergripande funksjon, som betyr at den skal takast omsyn til sjølv om ei sak i utgangspunktet blir handsama etter eit anna lovverk.

Naturmangfaldlova sine prinsipp utfyller dei krava og omsyna som gjeld etter andre lover som regulerer den aktuelle aktiviteten det blir søkt om. Dette gjeld mellom anna plan- og bygningslova, forureiningslova, havressurslova, minerallova, petroleumslova, havenergilova, skogbrukslova, jordlova, kulturminnelova, lakse- og innlandsfiskelova, viltlova, markalova, friluftslova og kapitla III–VII i naturmangfaldlova.

Kapittel II (§§ 4 til 14) i naturmangfaldlova skal sørge for at natur ikkje blir sett på isolert, men i samheng med lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Ein må grunngi og ha vurdert konsekvensane av eit inngrep, i tillegg til at det skal vere mogleg å etterprøve. Ein må òg vurdere om avgjersla kan medføre at det blir vanskelegare eller umogleg å nå forvaltningsmåla for artar, naturtypar og økosystem. Fyrst og fremst er det trua artar og naturtypar som er relevant for vurderinga. Dess meir trua naturmangfald, dess lettare vil det aktuelle tiltaket kome i konflikt med forvaltningsmåla i naturmangfaldlova. Når det skal gjerast tiltak, må det gjerast ei heilskapleg vurdering av den samla belastninga.

Nml § 4. *(forvaltningsmål for naturtypar og økosystem)*

Målet er at mangfaldet av naturtypar takast vare på innanfor deira naturlege utbreiingsområde og med det artsmangfaldet og dei økologiske prosessane som kjenneteiknar den enkelte naturtypen. Målet er òg at økosystema sine funksjonar, struktur og produktivitet takast vare på i den grad det er rimeleg.

Nml § 5. *(forvaltningsmål for artar)*

Målet er at artane og deira genetiske mangfald varetakast på lang sikt og at artane førekjem i levedyktige bestandar i deira naturlege utbreiingsområde. Så langt det er naudsynt for å nå dette målet takast det omsyn til artenes naturlege økologiske funksjonsområde og dei andre økologiske vilkåra dei er avhengige av.

Forvaltningsmålet etter fyrste ledd gjeld ikkje for framande organismar.


Det genetiske mangfaldet innanfor domestiserte artar skal forvaltast slik at det bidreg til å sikre ressursgrunnlaget for framtida.

Ved sakshandsaming som påverkar natur skal føresegnene i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 vere vurdert og vektlagt (jf. § 7), og det bør synleggjerast korleis tiltaket påverkar moglegheita for å nå forvaltningsmåla for naturtypar og artar i naturmangfaldlova §§ 4 og 5. Vurderinga skal gå fram i vedtaket og prinsippa skal vurderast og grunngjevast saman med andre omsyn i saka. Omfanget av vurderinga må tilpassast saka og det skal kome fram korleis prinsippa i §§ 8 til 12 er vurdert og vektlagt.

Her er nokre hovudpunkt om korleis loven kan nyttast i praksis:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget	Før ein tek ei avgjerd, må ein ha tilstrekkeleg kunnskap om dei miljømessige konsekvensane av tiltaket. Dette inneber blant anna å kartleggje biologisk mangfald og vurdere påverknaden på økosystemet.
§ 9 Førre-var-prinsippet	Dersom det er usikkerheit om dei miljømessige konsekvensane, skal ein leggje til grunn at tiltaket kan ha skadelege verknader. Dette prinsippet sikrar at ein tek omsyn til potensielle risikoar.
§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning	Ein skal vurdere tiltaket i eit økosystemperspektiv og sjå på den samla belastinga på naturen. Dette betyr at ein ikkje berre ser på det enkelte tiltaket, men også på korleis det påverkar det totale miljøet.
§ 11 Kostnadene ved miljøforringing	Tiltakshavar skal bere kostnadane ved eventuell miljøforringing. Dette prinsippet sikrar at dei som står bak tiltaket, også tek ansvar for eventuelle negative konsekvensar.
§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar	Ein skal bruke dei beste tilgjengelege teknikkane og driftsmetodane for å minimere miljøpåverknaden. Dette inneber å velje metodar som er meir skånsame for naturen.

Klima- og miljødepartementet har laga ein rettleiar for kapittel II i naturmangfoldlova, som gir ein god innføring i allmenne føresegner om berekraftig bruk av naturen. Rettleiaren viser òg ulike døme for korleis ein kan vurdere prinsippa i vedtak. Skjemaet under er frå rettleiaren og viser saksgangen i saker som omfattar naturmangfold:



Figur 6: Oversikt over saksgangen som omfattar naturmangfold. Henta frå rettleiaren Naturmangfoldloven kapittel II Alminnelige bestemmelser om berekraftig bruk (2016).

4.1. Miljødirektoratet – Rettleiar for kommunane

Miljødirektoratet har utarbeida ein rettleiar for kommunane som kan nyttast som rettleiing i miljøregelverk og miljøomsyn i plan for sakshandsamar. Rettleiaren inneheld tema som mellom anna omhandlar arealplanlegging, klima, naturkartlegging, motorferdsel, vern og så vidare.

Rettleiaren finn du [her](#).

4.2. Arealplanlegging og konsekvensutgreiing

Arealplanlegging og utbygging har direkte og indirekte verknad på miljø og samfunn. Endringar i arealbruk og nedbygging av natur er nokre av dei største truslane mot trua artar, og er ei stor kjelde til utslepp av klimagassar. Kommunane legg føringar for arealbruk, og har derfor ei stor rolle i å varetake natur og biologisk mangfald.

I planlegging av ny arealbruk er det eit viktig prinsipp å unngå negative verknadar for miljø og samfunn. Alle planar som kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn skal konsekvensutgreiast, jf. pbl. § 4-2 og forskrift om konsekvensutgreiing.

Plan- og bygningsloven § 4-2 andre ledd slår fast at:

For regionale planer og kommuneplaner med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging og for reguleringsplaner som kan få vesentlege virkningar for miljø og samfunn, skal planbeskrivelsen gi en særskilt vurdering og beskrivelse – konsekvensutredning – av planens virkninger for miljø og samfunn

For å redusere negative verknadar planar kan ha på natur og samfunn, er tiltakshierarkiet eit verktøy som syner kva vurderingar som bør gjerast for å redusere og førebyggje dei negative konsekvensane ved ein plan⁶. Vurderingane er knytt til tiltak for å *unngå* skadeverknader frå tiltaket, vurdere tiltak for å *avgrense* eventuelle skadar frå tiltaket om det ikkje er mogleg å unngå totalt, *restaurere* eller *istandsetje* skadeverknadane, og eventuelt vurdere tiltak for å *kompensera* for store negative verknader. Dette er i tråd med forskrift om konsekvensutgreiingar.

Kommunedelplanen for naturmangfald skal vere eit verktøy i arealplanlegging og forvaltning, og kan til dels nyttast som kunnskapsgrunnlag når det skal gjerast konsekvensutgreiingar. Planen syner område som er særskilt viktige å varetake med tanke på naturmangfald og artsvariasjon, og der det er artar, natur og anna som gjer at det ikkje bør opnast for ny utbygging.

⁶ Miljødirektoratet. (u.å.). *Unngå negative virkninger for miljøet*. <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/arealplanlegging/miljohensyn-arealplanlegging/unnga-negative-virkninger-for-miljoet/>

4.2.1 Naturmangfald i reguleringsplanar

Omsynet til naturmangfald blir i reguleringsplanar vareteke gjennom plan- og bygningslova og naturmangfaldslova. Plan- og bygningslova skal fremje berekraftig utvikling for samfunnet og for framtidige generasjonar, og planarbeidet skal byggje på oppdatert kunnskap om naturmangfaldet, jf. nml § 8. Kommunen skal vurdere usikkerheit, samla belastning og behov for avbøtande tiltak etter nml §§ 9–12, og desse vurderingane skal dokumenterast i plandokumenta. I tabellen på side 20 er det gjeve ei meir detaljert utgreiing av korleis §§ 8 – 12 skal nyttast i praksis.

4.2.2 Areal- og naturrekneskap

Areal- og naturrekneskap gjev kommunen eit samla og kunnskapsbasert grunnlag for arealplanlegging. Eit arealrekneskap gjev ei detaljert oversikt over korleis kommunen nyttar areala sine i dag, kva areal som er avsett til framtidige føremål, og kva utbyggingspotensial som ligg i gjeldande planar. Arealrekneskapet gjer det mogleg å berekne framtidige arealbehov og identifisere konflikhtar mellom ulike arealinteresser. Eit naturrekneskap byggjer på systematisk og jamleg oppdatert informasjon om økosystema si utbreiing, tilstand og utvikling, samt kva økosystemtenester naturen leverer. Saman gjev desse rekneskapane eit heilskapleg bilete, der naturrekneskapet viser korleis naturen har utvikla seg over tid og kva tilstand ho er i no, medan arealrekneskapet synleggjer dagens arealbruk og kva som er planlagt framover. Dette gjer det mogleg å sjå korleis nye inngrep kan påverke naturen, og korleis ein kan styre arealbruken i ei meir berekraftig retning.

Arealendringar er ei utfordring fordi dei ofte fører til fragmentering av leveområde, redusert økologisk funksjon og svekka naturleg bufferkapasitet mot klimaendringar. Difor er det viktig at kommunane brukar desse rekneskapane aktivt når dei planlegg nye tiltak, då dei kan gje eit betre grunnlag for å ta val som både tek vare på naturen og sikrar ei berekraftig utvikling.⁷

Eit nasjonalt naturrekneskap for Noreg skal vere ferdig i løpet av 2026, og vert utarbeidd av Miljødirektoratet og Statistisk Sentralbyrå (SSB). Innlandet fylkeskommune utarbeidde eit areal- og naturrekneskap for Innlandet fylke i 2024. Den kan du lese meir om [her](#).

⁷ Miljødirektoratet. (u.å.). *Kommunale naturrekneskap*. Henta 22. mai 2026 frå <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/arealplanlegging/kommunale-naturregnskap/>

4.3. Frådeling av eigedom/tomt

Frådeling av eigedom omhandlar oppretting av nye eigedomar, eller endring og omdisponering av eksisterande eigedom. Ei frådeling skal handsamast etter plan- og bygningslova og jordlova. Det er fleire omsyn sakshandsamar må ta stilling til i saker om frådeling. I forhold til naturmangfald, er det fleire lovar som er relevant i sakshandsaminga:

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12: om kunnskapsgrunnlag, føre-var-prinsippet, økosystemtilnærming og samla belastning, kostnadar ved miljøforringing, og miljøforsvarlege teknikkar/driftsmetodar.

Jordlova §§ 1, 9 og 12: å sikre at arealressursane vert nytta på ein samfunnsgagnleg måte, og sikre at dyrkbarjord ikkje vert omdisponert utan særleg tilhøve, og hindre delingar som svekkjer bruksstruktur og vesentleg driftsgrunnlag.

Skoglova §§ 1, 12 og 13: å sikre berekraftig forvaltning av skogressursane, bidra til biologisk mangfald, vise omsyn til landskap, friluft, kulturverdiar, vernskog og område av særleg høg miljøverdi.

Kulturminnelova §§ 1 og 8, andre ledd: vern av kulturminne og kulturmiljø, og sikkerheit i forhold til når automatisk freda kulturminne dukkar opp under arbeid utan at dei er kjent på førehand.

Plan- og bygningslova § 28-1: grunn kan berre delast frå dersom det er tilstrekkeleg sikkert mot fare eller vesentlege ulempe som følgje av natur- eller miljøforhold (skredfare, flaumfare, ureining osv.)

4.4. Byggesakshandsaming (naturmangfald i byggesakshandsaming)

Byggesakshandsaming skal sikre at tiltak er i samsvar med lov, forskrift og planvedtak, jf. pbl § 1-1, tredje ledd.

Byggesakshandsaminga er ein sentral arena for å ivareta naturmangfald i kommunen. Gjennom handsaming av søknadspliktige tiltak etter pbl, vurderer kommunen korleis nye byggetiltak vil påverke natur, landskap, økosystem og miljøverdiar.

Sakshandsaminga skal sikre at tiltak er i tråd med gjeldande planar, herunder arealføremål og omsynssoner, og at prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8-12 vert lagt til grunn i alle relevante saker. Det er ikkje alltid naturmangfaldet er vurdert grundig nok på plannivå eller frådeling, noko som er typisk for gamle reguleringsplanar og tomter som har vorte frådelt og stått ubebygd i mange år. Krava har vorte strengare no enn før, dermed er det viktig at ein i byggesakshandsaminga gjer gode nok vurderingar knytt til dette.

4.5. Massedeposering

Massedeposering (mottak, mellomlagring og permanent plassering av overskotsmassar) kan ha betydeleg verknad på naturmangfald, vassmiljø og landskap. Kommunen har difor ei viktig rolle i å sikre at deposering skjer på ein måte som reduserer naturtap og miljøbelastningar. Tiltak knytt til massedeposering skal handsamast etter plan- og bygningslova, men kan også råke anna relevant lovverk, som forureiningslova, vassressurslova og jordlova. For eit planlagt deponiområde, må kommunen:

- Vurdere kartlagde naturverdiar, og sikre at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg. Prinsippa i naturmangfaldlova skal vektleggjast.
- Vurdere risiko for ureining, avrenning og påverknad på grunnvatn og vassdrag.
- Ta omsyn til jordvern dersom deposering kan gi varige terrengendringar på dyrka mark.
- Stille krav om avbøtande og gjenopprettande tiltak, som til dømes revegetering, stabilisering av massar og økologisk tilpassa terrengforming.
- Sjå deponi i samanheng med samla belastning i området, inkludert anna arealbruk, eksisterande inngrep og landskapsverdiar
- Følgje opp gjennom tilsyn, særleg med omsyn til avrenning og sikring mot spreiding av framandarter som til dømes lupinar.

4.6. Spreidd avlaup

Spreidd avlaup omhandlar etablering av private avlaupsanlegg. I Øystre Slidre er dette knytt til spreidd busetnad og spreidd fritidsbusetnad utanfor infrastruktursonene våre. Spreidde avlaupsanlegg kan påverke naturverdiar ved blant anna:

- Eutrofiering og forureining: utslepp av næringsstoff (fosfor, nitrogen) og organisk stoff som påverkar vassdrag.
- Små vassdrag som leveområde: mange utløp ligg i små bekkar som er viktige for amfibie, smådyr, fisk og kantsoner, som ofte er naturtypar av høg økologisk verdi.
- Utslepp kan påverke drikkevasskjelder.

I handsaming av søknadar om utslepp er det derfor viktig å gjere grundige vurderingar, etter mellom anna prinsippa i naturmangfaldslova, forureiningsforskrifta og vassressurslova:

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12: om kunnskapsgrunnlag, føre-var-prinsippet, økosystemtilnærming og samla belastning, kostnadar ved miljøforringing, og miljøforsvarlege teknikkar/driftsmetodar.

Vassforskrifta § 12: hovudregelen er at vassførekomstar ikkje skal forringast, og miljømåla i forskriftas §§ 4 – 6 skal kunne verte nådd. Det må dokumenterast korleis tiltaket vil påverke vassførekomsten, om påverknaden kan forringe tilstand eller hindre forbetring, og kva avbøtande tiltak eller kompenserande tiltak som er mogleg.

Forureiningsforskriftas kapittel 12 om mellom anna: reinsekrav for fosfor og organisk stoff, krav til utsleppsstad og utsleppsanordning, krav til prøvetaking, drift og dokumentasjon. Kommunen skal vurdere miljøpåverknad, resipientforhold og samla belastning.

4.7. Jordlovshandsaming og tilskotsordningar i jordbruket

Landbruket påverkar naturmangfaldet gjennom arealbruk og forvaltning av jord- og skogressursar. Nokre artar er tilpassa beiting og slått. Dersom beiting eller slått opphøyrer, vil vegetasjonen gradvis endre seg, og andre artar vil dominere området. På ei anna side kan for intensiv utnytting av eit areal ha negativ påverknad på naturmangfaldet. Kommunen forvaltar tilskotsordningar som er verkemiddel for å nå dei landbrukspolitiske måla: å sikre matforsyningane, bevare kulturlandskapet og det biologiske mangfaldet, og sikre eit berekraftig landbruk.

Nydyrking kan berre skje etter plan godkjend av kommunen. Ved avgjerd skal det leggjast vekt på kva verknader tiltaket kan vente å få for natur- og kulturlandskapsverdiane. Ved nydyrking skal det settast igjen ei vegetasjonssone langs vassdrag. Langs vassdrag med årsikker vassføring skal sona vere minst seks meter, langs vassdrag utan årsikker vassføring skal sona vere minst to meter.

Tilskot til drenering kan søkast om. Føremålet med denne ordninga er å auke kvaliteten på tidlegare grøfta jordbruksjord, samt å redusere faren for erosjon og overflateavrenning av næringsstoff til vassdrag. Slikt tilskot kan ikkje bli gjeve der tiltaket fører med seg vesentleg skade for naturmangfald, vesentleg fare for flaum og vassforureining eller fare for skade på automatisk freda kulturminne.

RMP – Regionalt miljøprogram er ein tilskotsordning som vert forvalta av kommunen. Kva tiltak det kan gjevast tilskot til vert bestemt utifrå regionale miljøprogram. Det er Statsforvaltaren som utarbeider dei regionale miljøprogramma. Regionale miljøprogram omfattar tilskot til ulike driftstiltak som er positive for kulturlandskap og avgrensar forureining. I Øystre Slidre er det spesielt aktuelt for husdyr- og grovfôrprodusentar å søkje på tiltak som drift av bratt areal, tilskot til drift av seter, skjøtsel av kulturhistoriske områder (beiting/slått/rydding på støl), spreining av all husdyrgjødsel vår/vekstseson, spreining av husdyrgjødsel med tilførselsslange, skjøtsel av trua naturtypar og slått av slåttemyr og slåttemark.

SMIL – Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket: *Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan bli forventa gjennom vanleg jordbruksdrift. Eller som stimulerer til tiltak som har stor samfunnsnytte, men låg privatøkonomisk nytte*

Det er kommunen som fastset retningslinjene for prioritering av søknader, og tilskot til prosjekt og tiltak skal prioriterast ut ifrå desse retningslinjene. I Øystre Slidre sin SMIL-strategi er det prioritert tiltak som skal ivareta kulturlandskapet og biologisk mangfald, tiltak som vil redusere erosjon og avrenning og investeringstiltak som reduserer risiko for tap av plantevernmidlar.

Forskrift om lagring og bruk av gjødselvarer: Frå 01.01.2025 gjeld nye krav til gjødsling. Nye spreiefristar er 1. mars til 1. september. Det er ikkje tillate på snødekk eller frosen mark. Spreiing med nedmolding er tillat til 1. november. Nedmolding må skje innan 18 timar ved spreiing på open jord. Det er innført nye fosforgrenser. Det er overgangsreglar for fosforgrenser fram mot 2033.

Godkjende spreieareal er fulldyrka og overflatedyrka areal og godkjent innmarksbeite. Innmarksbeite må godkjennast og vere registrert og kartfesta av kommunen. Dei som har dokumentasjon med tidlegare godkjenning frå kommunen slepp normalt ny godkjenning. Ved spreieing på innmarksbeite skal det stå att ei vegetasjonssone på minst 6 meter. For andre areal er kravet om vegetasjonssone 2 meter.

4.8. Skogbruksforvaltning

Skogbrukslova gir skogeigar «fridom under ansvar», som mellom anna inneber ei plikt til å ta vare på biologisk mangfald. For å sikre og dokumentere at det blir teke miljøomsyn, har store deler av det norske skogbruket vorte miljøsertifisert. Dette inneber at det skogbruket som blir drive, kontrollerast mot Norsk PEFC Skogstandard for berekraftig skogbruk. Miljøsertifiseringa stiller konkrete krav til korleis ein skal hogge og stelle i skogen.


Skogbrukets omsyn til biologisk mangfald er basert på ei livsmiljøtilnærming. Skogbruket kartlegg dei ulike livsmiljøa ved hjelp av ein metode som heiter Miljøregistrering i Skog (MiS). På bakgrunn av desse registreringane vel ein ut kva livsmiljø i eit bestemt område som skal setjast av og forvaltast som såkalla nøkkelbiotopar. Her blir det normalt ikkje rørt noko, og skogen får lov til å vekse heilt til han døy naturleg.

Ikkje alle tiltak som blir gjennomført i skog er søknadspliktige, og er dermed ikkje omfatta av kapittel 2 i naturmangfaldslova. Skogbruksloverket krev at skogeigarane gjennomfører hogst i samsvar med lov og forskrift, og at skogeigaren skal ha oversikt og ta omsyn til miljøverdiane ved alle typar tiltak i skogen.

4.8.1 Praktisk bruk av naturmangfoldlova ved handsaming av skogsaker

Landbruksdirektoratet har utarbeida ein rettleiar for handsaming av skogsaker som, i tillegg til handsaming etter skogbrukslova, også må vurderast etter naturmangfoldlova §§ 8 – 12.

Figuren under syner kva saker dette kan være:



Figur 7: Figuren syner tema som etter skogbrukslova med tilhøyrande forskrifter krever, ikkje krever og som kan kreve handsaming etter nml. §§ 8 til 12.

Rettleiaren finn du [her](#).

4.8.2 Norsk PEFC Skogstandard

Norsk PEFC Skogstandard inneheld 30 krav som skildrar korleis skogeigar skal forvalte og drive skogen. I tillegg kan det føreliggje retningslinjer og presiseringar som forklarar og utdjupar enkelte krav etter behov. Skogstandarden er utvikla for norske forhold og går ofte lengre enn norsk lovgjeving, samtidig som ho møter internasjonale kriterium. Dei fleste krava handlar om å ta vare på biologisk mangfald, friluftsliv og ein sunn skog.

Norsk PEFC Skogstandard er delt inn i tre hovudtema: Forvaltaransvar og planlegging, hogst og skogbrukstiltak og særskilte miljøverdiar.

Norsk PEFC Skogstandard finn du [her](#).

4.8.3. Vernskog

Vernskogen i Valdres ligg opp mot fjellet, så høgt at det er vanskelege foryngelsesforhold, eller så liten vekst at skogen kan bli øydelagt ved feil hogst. Vernskogsgrensa i Øystre Slidre fylgjer høgdekote 840 (austsida) og 860 (vestsida). I tillegg er alt nord for Mørken vernskog.

Føremålet med vernskogen er å sikre forynging og produksjon i klimautsette skogområde, samstundes som ho skal gje vern mot naturskadar som skred, steinsprang og skadeflaum. I vernskogen mot fjellet skal det takast omsyn til dei klimatiske tilhøva i fjellskogen. Hogst skal utførast slik at areala over tid har eit samanhengande skogbilete, og tek vare på variasjonen og dei trea som er karakteristiske for fjellskogen. Innlandet har ei forskrift om vernskog opp mot fjellet, med føremål å sikre god forvaltning og ivaretaking av sårbare og klimautsette skogområde, der feil skogbehandling kan føre til negative konsekvensar for skogproduksjon eller økologiske tilhøve.

All hogst i vernskog, med unntak av hogst av ved til eige bruk, skal meldast til kommunen ved landbrukskontoret seinast tre veker før hogsten tek til. Eit kartutsnitt som viser det aktuelle hogstområdet skal liggje ved meldinga som skal sendast til kommunen.

Meir info og søknadsskjema finn ein på [Øystre Slidre kommune sine nettsider](#) eller på [Statsforvaltaren i Innlandet sine nettsider](#).

4.8.4. Frivillig vern av skog

Frivillig skogvern byggjer på at grunneigar sjølv tilbyr eit område for vern. Premissa er at staten og grunneigaren blir samde om erstatning for tapt framtidig inntekt frå skogbruk, og om forskrifta for verneområdet. Grunneigaren kan når som helst trekkje tilbodet tilbake fram til det er signert avtale om erstatning og ein er einige om vilkåra for vernet.

Skogeigarorganisasjonane er godt drivne i desse prosessane og kjenner til kva skogtypar som er aktuelle for vern. Dei er grunneigaren sin forhandlingspart gjennom heile prosessen, medan statsforvaltaren er den som handsamar sjølve vernesaka. Kommunen vil drive aktivt informasjonsarbeid om frivillig vern av skog.

Grunneigaren beheldar alle rettar til jakt og fiske, men vernet kan føre med seg avgrensingar for oppføring av nye bygg, hogst eller mengda motorferdsel i området.

Vern av skog bidreg til å ta vare på naturmangfaldet, og er viktig for økosystemtenester som karbonbinding og flaumdemping.

4.8.5. Skogfondsordninga

Skogeigar plikter å sette av midlar på skogfond ved sal av tømmer og biobrensel. Skogfondsordninga er heimla i [Skogbrukslova](#) (Kap. 4) og i eigne [forskrifter](#). Ordninga skal sikre finansiering av ei berekraftig forvaltning av skogressursane. For skogeigaren skal skogfond gi eit betre grunnlag for langsiktige investeringar, og vere med på å sikre viktige miljøverdiar i skogen.

På Landbruksdirektoratet sine nettsider finn ein [oversikt over kva skogfondsmidlar kan nyttast til](#). Skogkurs har òg laga ein [retteleiar om skogfondsordninga](#).

4.8.6. Tilskotsordningar i skogbruket

Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK): Tilskot til kvalitetsfremmande tiltak, skogsbilvegar og miljøtiltak. Kommunen fastset satsar og prioriteringar.

[Tilskudd til miljøtiltak i skog - Landbruksdirektoratet](#)

Tilskot til skogbruksplanlegging med miljøregistrering: Støtte til utarbeiding av skogbruksplanar som inkluderer miljøregistreringar (MiS). Dette gir oversikt over ressursar og miljøverdiar i skogen.

[Tilskudd til skogbruksplanlegging med miljøregistreringer - Landbruksdirektoratet](#)

Tilskot til miljøtiltak i skog: Tilskot til tiltak som tek vare på biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne.

[Tilskudd til miljøtiltak i skog - Landbruksdirektoratet](#)

Tilskot til skogkultur: Gjeld tilskot til ulike skogkulturtiltak, som foryngelse, ungskogpleie, grøfting osv.

[Tilskudd til skogkultur - Landbruksdirektoratet](#)

Tilskot til tettare skogplanting som klimatiltak: Tilskot til tettare planting skal bidra til auka CO₂-binding ved å utnytte skogareala meir effektivt. Ordninga omfattar både planting etter hogst og suppleringsplanting, med mål om fleire skogplanter og høgare produksjon.

[Tilskudd til tettere skogplanting som klimatiltak - Landbruksdirektoratet](#)

Tilskot til gjødsling av skog som klimatiltak: Tilskot til kalkhaldige gjødseltiltak som gir auka tilvekst og CO₂-opptak.

[Tilskudd til gjødsling av skog som klimatiltak - Landbruksdirektoratet](#)

Tilskot til skogsdrift med taubane, hest og andre driftsmetoder: Tilskot ved bruk av miljøvenlege driftsmetodar. Tilskot til dette blir utbetalt berre om det er registrert miljøkvalitetar (MiS) i området, eller det må stillast krav til gjennomføring av dei føre-var-tiltak som er nedfelt i skogsertifiseringsstandarden.

[Tilskudd til skogsdrift med taubane, hest og andre driftsmetoder - Landbruksdirektoratet](#)

Tilskot til vegbygging i skog: Tilskot til nybygging og ombygging av skogsvegar.

[Tilskudd til veibygging i skog - Landbruksdirektoratet](#)

4.8.7. Landbruksveg

Landbruksveg er ei fellesnemning for jordbruks- og skogsvegar. Handsaminga av saker som gjeld bygging eller ombygging av landbruksvegar må ta omsyn til natur- og miljøverdiar, og skjer i tråd med både [Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier](#) og naturmangfaldlova.

4.9. Kantsoner langs vassdrag

Ei kantsone er ein vegetasjonssone mot blant anna vatn, vassdrag, bekker, myrer og våtmarksområde. Kantsoner langs vassdrag er viktige fordi dei skapar leveområde, skjul og næring for ei rekkje artar på land og i vatn. I tillegg spelar kantvegetasjon ei avgjerande rolle i å redusere avrenning av næringsstoff og partiklar til elvar og innsjøar. Tre, buskar og gras langs vasskanten fungerer som eit naturleg filter som fangar opp jordpartiklar og overskotsnæring frå landbruk og avlaup. Dette bidreg til å redusere eutrofiering, ein prosess der for mykje næringsstoff fører til algeoppblomstring og oksygenmangel i vatnet.

Kantvegetasjon stabiliserer òg mot erosjon og flaumskadar. Tre i kantvegetasjonen reduserer erosjon ved at røtene bind jorda i kantsona. Lauvtre, som gråor og selje, har rotsystem som bind kantane godt og toler å stå nær vatn, medan gran har grunne røter og kan lett velte ved vindfall eller erosjon.⁸

Vassressurslova § 11 om kantsoner slår fast at det skal haldast ved like eit naturleg vegetasjonsbelte langs vassdrag med årssikker vassføring som motverkar avrenning og gir leveområde for plantar og dyr.

⁸ Norges vassdrags- og energidirektorat. (2025). *Kantvegetasjonens viktige funksjoner*. <https://veiledere.nve.no/skjotsel-av-kantvegetasjon-langs-vassdrag/kantvegetasjonens-viktige-funksjoner/>

Grunneigar har etter vassressurslova plikt å oppretthalde ein tilstrekkeleg kantvegetasjon langs vassdrag med årssikker vassføring. Breidda på kantsona er ikkje definert i vassressurslova, og må derfor vurderast konkret ut frå føremålet med vegetasjonssona. Generelle retningslinjer er at kantsona skal motverke avrenning, det vil seie hindre utrasing og forureining, og gi leveområde (skjul, opphaldsstad mv.) for plantar og dyr som har naturleg tilhald ved eller i vassdraget.⁹ Breidda på kantsona kan derimot vere definert i andre lovverk og tilskotsordningar.

NVE har utarbeida skjøtselsråd for kantvegetasjon langs vassdrag. Dei generelle skjøtselsråda, som gjeld uansett kor kantvegetasjonen ligg, kan du lese [her](#). Det er òg utarbeid spesielle skjøtselsråd knytt til [jordbruk](#) og [skogbruk](#).

I jordbruksområde kan behovet for matproduksjon kome i konflikt med ynskje om breie kantsoner. Den økologiske betydninga er likevel stor. Ei intakt og naturleg kantsone fungerer som eit effektivt filter som reduserer avrenning av næringsstoff, jordpartiklar og plantevernmiddel til vassdraget.¹⁰ Manglande kantsone på minst 2 meter målt frå vassdraget sin normale vasstand kan føre til avkorting av produksjonstilskot (PT).

Kantsoner langs vassdrag med årssikker vassføring skal i utgangspunktet behaldast som naturleg vegetasjon. All skjøtsel som reduserer kantsona si funksjon eller fjerning av kantsona, er ulovleg utan dispensasjon frå Statsforvaltaren. Dette omfattar tiltak som reduserer evna til å halde tilbake næringsstoff, aukar erosjonsfaren eller forringer levevilkåra for plantar og dyr. Lovleg skjøtsel er avgrensa til tiltak som ikkje svekkjer desse funksjonane, som å opne for tilgang til vassdraget, fjerne framande artar, ta ut enkeltrær som utgjer fare for flaum eller erosjon, eller gjennomføre mindre inngrep i nyetablerte kantsoner.¹¹

4.10. Friluftsliv

Friluftsløva definerer innmark og utmark, og regulerer forholdet mellom grunneigar og allmenta. Den viktigaste funksjonen til friluftsløva er å sikre retten til opphald og ferdsel i naturen, uavhengig av kven som eig arealet. Dette er den grunnleggjande retten som blir kalla allemannsretten.

Friluftsløva og naturmangfaldlova verkar saman for å skape ein balanse mellom menneskeleg bruk av naturen og behovet for å verne økosystema. Friluftsløva sikrar først og fremst retten til ferdsel, opphald og hausting gjennom allemannsretten, medan

⁹ Statsforvalteren i Innlandet. (05.10.2022). *Kantsoner langs vassdrag i jordbrukslandskap*. <https://www.statsforvalteren.no/nb/innlandet/miljo-og-klima/vann/kantvegetasjon/kantsoner-langs-vassdrag-i-jordbrukslandskap/>

¹⁰ Norges vassdrags- og energidirektorat. (2025). *Spesielt for jordbruk*. <https://veiledere.nve.no/skjotsel-av-kantvegetasjon-langs-vassdrag/skjotselsrad/spesielt-for-jordbruk/>

¹¹ Norges vassdrags- og energidirektorat. (2025). *Lovleg og ulovleg skjøtsel*. <https://veiledere.nve.no/skjotsel-av-kantvegetasjon-langs-vassdrag/lovlig-og-ulovlig-skjotsel/>

naturmangfaldlova set dei økologiske rammene som skal sørgje for at denne bruken ikkje skadar artar og leveområde.

Det er eit overordna mål at alle skal ha høve til å drive med friluftsliv som er helsefremjande og trivselsskapande i nærmiljøet og i naturen elles. Dei kartlagde, regionalt viktige friluftsområda i Øystre Slidre synleggjer kva naturområde som har særleg verdi for friluftsliv, og gjev dermed eit godt grunnlag for kommunen si planlegging.

Tilrettelegging for friluftsliv må byggje på kunnskap om naturkvalitetane i området, slik at ein både tek vare på viktige naturverdiar og sikrar gode naturopplevingar. Naturvennleg tilrettelegging krev avgrensa og gjennomtenkte inngrep, bruk av det naturlege terrenget og val av løysingar som skånar landskap og biologisk mangfald. Samstundes er det viktig å tilby lågterskel friluftsområde som er tilgjengeleg for fleire, utan at dette går utover sårbar natur. I Øystre Slidre finn ein fleire tilrettelagde turområde. Eit overordna mål bør vere at tilrettelegging rettast mot område som toler bruk, slik at kommunen kan fremje eit inkluderande friluftsliv og samstundes ta vare på naturkvalitetane.

4.11. Motorferdsel

Motorferdsel i utmark kan påverke naturmangfaldet gjennom støy, forstyrring av dyreliv og slitasje på vegetasjon. Særleg sårbare naturtypar, hekkeområde og trekkruiter kan vere utsette for påverknad. Kommunen har derfor eit ansvar for å sikre at motorisert ferdsel blir vurdert opp mot naturmangfaldet sine verdiar.

Som hovudregel er motorferdsel i utmark og vassdrag forbode, med nokre unntak for bestemte nytteformål som er omtala i lovverket. Omgrepet motorferdsel omfattar alle typar motordrivne framkomstmiddel. I forarbeida til lova går det fram at omgrepet «køyretøy» skal forståast på same måte som i vegtrafikkreglane.

Ved handsaming av søknader om dispensasjon skal kommunen leggje prinsippa i naturmangfaldlova kapittel II til grunn. Det gjeld òg eit overordna krav om at all motorferdsel i utmark og vassdrag skal skje på ein aktsam og omsynsfull måte, slik at ein unngår skade og ulemper for naturmiljø og menneske.

Motorferdselslova avgrensar ikkje grunneigar eller brukar sin rett til å forby eller avgrense motorferdsel på eigen eigedom. Forholdet mellom grunneigar og den som køyrer i utmarka er eit privatrettsleg spørsmål og fell utanfor motorferdselslova. I dette ligg at køyring krev samtykke frå grunneigar.

Meir informasjon om handsaming av dispensasjonar frå forbodet mot motorferdsel i utmark og vassdrag kan ein finne [her](#).


5. Naturmangfaldet i Øystre Slidre kommune

God forvaltning krev eit godt kunnskapsgrunnlag om kva for verdiar som skal forvaltast.

Øystre Slidre er ein fjell- og landbrukskommune med eit areal på 963 km². Kommunen strekkjer seg frå 410 moh. på det lågaste, til Øystre Rasletind på 2010 moh. på det høgaste. Heile 73 prosent av kommunen sitt areal ligg over 900 moh.

Berggrunnen sør for Vinstervatn er stort sett prega av harde, sure bergartar som sandstein og kvartsitt. På nordsida er det meir næringsrike (mellomrike) og basiske bergartar som gabbro og amfibolitt. Det er mindre vindauger med rikare bergartar. Jordsmonnet er i hovudsak prega av eit tjukt morenedekke, som gjev grunnlag for god tilgang på næring og godt tilhøve for plantevekst. Kring snaufjellet er det tynnare morenedekke. I nokre område er det enkelte breelvavsettingar.

Fordeling av areal (km²) og hovudøkosystem




Figur 8: Syner fordeling av areal (km²) og hovudøkosystem i Øystre Slidre kommune.¹²

¹² Arealbruk og arealressurser, Statistisk Sentralbyrå (<https://www.ssb.no/kommuneareal/oystre-slidre>, 25.11.2025).

5.1. Kartlagte naturtyper (NiN) i Øystre Slidre

Kartet (figur 9) syner kartlagde naturtypar etter NiN-systemet i kommunen. Desse kartleggingane er tilgjengelege i fleire kartsystem, som blant anna Naturbase. Tidlegare kartleggingar er i hovudsak gjennomførte som eit belte langs fylkesveg 51, kor kartleggingane følgjer areal som er vurderte som relevante i samband med infrastruktur og arealforvaltning. I 2025 vart det gjennomført nye kartleggingar knytt til framtidige utbyggingsområde, men som dels enno ikkje er utbygde. Desse områda har no oppdaterte naturdata som vil vere viktige i vidare arealvurderingar og planvask.



Figur 9: Syner kartlagde naturtypar etter NiN-systemet per 2025.

5.2. Skog

Kring 233,61 km² av Øystre Slidre sitt areal er skog. Skogen er viktig på fleire måtar. Den sikrar mot ekstremvær som flaum, vind og ras. Samtidig førebyggjer skog erosjon, og bidreg til å reinske lufta og jorda. Den gir viktige arbeidsplassar og råstoff gjennom skogbruket. Skogen er også eit viktig karbonlager, der tre, røter og jord lagrar mykje karbon. Karbonet som er lagra i biomassen, blir sleppt ut som klimagassen CO₂ når produkta brytast ned eller blir brende. I tillegg har skogen eit stort mangfald av artar, og 48 prosent av alle dei registrerte truga artane på Raudlista 2021 lever i skogsområde¹³.

Mange av dei truga artane ein finn i skogen er spesialistar, ofte knytt til livsmiljø som mellom anna læger (liggjande daud ved), gadd (ståande daud ved) og grove eller holete edellauvtre. Slike strukturar finn ein særleg i naturskog. I Øystre Slidre finn ein fleire kartlagde lokalitetar som fell inn under den overordna naturtypen kalla gamal barskog, blant anna ved Luskeråsen og Veslestølen¹⁴.

Naturtypegruppa gamal barskog omfattar, etter Miljødirektoratets instruks, både furu- eller grandominert normalskog som er i hogstklasse 5 eller naturskog.

Alderen på gran i naturtypen skal være meir enn 150 år, og meir enn 200 år for furu. Forekomst av daud ved varierer med storleik, mengde og utbreiing av liggande og/eller ståande (Ombler m.fl., 2026).

Naturskog er definert som skog med ein bestandsalder som tilseier at skogen vart etablert før 1940, kor det ikkje er registrert noko tidlegare inngrep eller behandling etter kring 1965 (Storaunet og Rolstad 2020).

Sidan 1990-talet har det vore ein nasjonal reduksjon i skog med naturskogkarakter¹⁵. Dei siste større samanhengande områda med naturskog vi har att, finst i fjelltraktene. Denne reduksjonen er ei stor utfordring for artar som i hovudsak har naturskog som leveområde, og som vil ha problem med å oppretthalde ein levedyktig populasjon i produksjonsskog.¹⁶ Det som kjenneteiknar gamal skog er kontinuitet i livsmiljøet, som vil seie eit økologisk miljø som har fått utvikle seg over lang tid på same staden. Slike miljø krev svært lang tid å byggje opp, og blir rekna som umoglege å restaurere eller føre

¹³ Norsk rødliste for arter 2021, Artsdatabanken, Status for truede arter i skog. Hentet 07.01.2026 fra <https://artsdatabanken.no/Arter/Rodlista-arter/Om-rodlista/Fordypning/Status-truede-arter-i-skog>

¹⁴ Ombler, E. m.fl. Naturkartlegging av utvalgte områder i Øystre Slidre kommune. 29.01.2026. Rapport, Naturrestaurering..

¹⁵ Norsk rødliste for arter 2021, Artsdatabanken, Status for truede arter i skog. Hentet 07.01.2026 fra <https://artsdatabanken.no/Arter/Rodlista-arter/Om-rodlista/Fordypning/Status-truede-arter-i-skog>

¹⁶ Norsk rødliste for arter 2021, Artsdatabanken, Status for truede arter i skog. Hentet 07.01.2026 fra <https://artsdatabanken.no/Arter/Rodlista-arter/Om-rodlista/Fordypning/Status-truede-arter-i-skog>

tilbake til opphavleg tilstand.¹⁷



Figur 10: Utsikt mot Skaget frå Luskeråsen. Foto: Linda Gjelsten Kleive.

Området ved Luskeråsen – Røyre har blitt kartlagt av fleire ulike aktørar, og undersøkingane peiker samstemt på eit større, samanhengande naturskogområde med tre som kan vere opp mot 350-400 år gamle. Det er registrert fleire raudlisteartar knytt til dei gamle granskogane, og fleire av desse har svært store populasjonar. Ved slike omfattande funn blir ikkje alle enkeltregistreringar lagt inn i kart, då omfanget av arbeidet ville blitt for stort.

Biofokus framhevar at naturskogen ved Luskeråsen skil seg ut som eit område med uvanleg høge naturverdiar i regionen. Slike areal er sjeldsynte i Valdres, og dei meiner at ein må til Ormtjernkampen i Gausdal for å finne samanliknbare skogtypar. Dei merkar seg òg at verdiane truleg held fram utanfor det kartlagde området.¹⁸ I dag er området påverka av fragmentering, særleg knytt til hyttebygging og etablering av vegar.¹⁹

¹⁷ Omblær, E. m.fl. Naturkartlegging av utvalgte områder i Øystre Slidre kommune. 29.01.2026. Rapport, Naturrestaurering.

¹⁸ Torbjørn Høitomt og Kristine Heistad. Kartlegging av naturverdier i forbindelse med planlagt hytteutbygging på Luskeråsen i Østre Slidre kommune. 11.03.2024. Biofokus rapport 2024-053.

¹⁹ Omblær, E. m.fl. Naturkartlegging av utvalgte områder i Øystre Slidre kommune. 29.01.2026. Rapport, Naturrestaurering.



Figur 11: Frå øvst til venstre, Furuskjell (*Cladonia Parasitica*, NT), Furustokkjuke (*Phellinus pini*, NT), Granseterlav (*Hypogymnia bitteri*, NT) og Gubbeskjegg (*Alectoria sarmentosa*, NT) er nokre av dei artane som vert registrert i gamal barskog under kartlegginga i 2025. Foto: Furuskjell: CC BY 4.0 (Håkon Holien), Furustokklav: CC BY 3.0 (Tom Hellik Hofton), Granseterlav: CC BY 4.0 (Håkon Holien), og Gubbeskjegg: Andrea Cathrin Gisti Ganger.

I skogen finn vi òg eit rikt fugleliv. Fuglelivet i norsk skog er påverka av kor gamal og variert skogen er. Mange vanlege småfuglar trivs i produksjonsskog, men for artar som er knytt til gamal skog er situasjonen langt meir krevjande, fordi store og gamle tre har blitt sjeldne i dagens skoglandskap. Dette er artar som blant anna spettefuglar, lavskrike, storfugl og fleire rovfuglar. I naturskog finst det grove tre, død ved og ein dynamikk som gir både reirplassar, mat og gode levevilkår.²⁰

5.3. Våtmark og myr

Omgrepet våtmark omfattar fleire ulike naturtypar, som myr, sumpmark, grunne tjern, delta, med meir. Våtmark er natur som er heilt eller delvis dekkja av vatn heile eller deler av året. Eit kjenneteikn med våtmarker er at dei ofte har ein rik flora og fauna med

²⁰Eggen, Martin (24.04.2017). Rikt fugleliv i friskmeldt skog. <https://www.birdlife.no/naturforvaltning/nyheter/?id=1858>

mange artar av planter, insekt, fuglar og dyr. Dette gjer at våtmarksområda har ein svært viktig funksjon for å sikre biologisk mangfald.²¹

Myr er den vanlegaste typen våtmark, og rundt 20 prosent av landarealet i Øystre Slidre er myr. Desse opne våtmarksområda består av tjukke moselag der nedbrytinga går så sakte at torv blir danna. Myrene fungerer som naturlege vassmagasin og reinsar vatn ved å halde det tilbake og filtrere det gjennom torvlaget. Slik blir både vassmengda og vasskvalitet regulert, og uttørking i tørre periodar motverka. Mange våtmarker står i kontakt med grunnvatnet og fangar opp næringsstoff frå landbruket. Myrene lagrar òg store mengder karbon og er viktige for å redusere utslepp av klimagassar.²²

Myrene er viktige rasteplassar for mange trekkfuglar. Her finn dei mat, og fleire artar bruker myra som spel- og hekkeplass. I kulturlandskapet er restareal med myr og våtmark kritisk viktig for fleire truga fugleartar som vipe (CR) og raudstilk (NT).



Figur 12: Vipe (*Vanellus vanellus*, CR) og Rødstilk (*Tringa totanus*, NT). Foto: CC BY 4.0 (Rolv Lundheim).

I Murkhovd ved Yddeåne er det i 2025 kartlagt fleire typar semi-naturlege våtmarks- og myrområde. Våtmarkene og viddelandskapet på sjølve Valdresflye har særleg stor verdi for fuglelivet. På begge sider av fylkesveg 51 ligg det både større og mindre tjern. Desse tjerna er grunne og delte opp av holmar, bukter og halvøyar, noko som gjer dei uoversiktlege i det opne viddelandskapet og som skaper gode skjulmoglegheiter for ande- og vadefuglar. Rundt tjerna finst det ofte myrer og fuktige strandsoneområde som gir svært gode levevilkår for artar som bergand (EN), havelle (NT), heilo (NT) og fiskemåke (VU).²³

²¹ Hind, Liv Jorunn (02.02.2020). Våtmarkene – Oaser for fugler og insekter.

<https://www.nibio.no/nyheter/vatmarkene--oaser-for-fugler-og-insekter>

²²Sabima (u.å.). Myr. Henta 12.12.2025, frå <https://www.sabima.no/trua-natur/myr/>

²³ Larsen, B.H., Høitomt, G. & Breili, A. 2025. Naturverdier i foreslåtte utvidelsesområder til Jotunheimen nasjonalpark i Vågå og Øystre Slidre kommuner. Miljøfaglig Utredning rapport 2025-2. 84 s. ISBN 978-82-345-0693-2.

Den største påverknadsfaktoren på myrområde er endringar i arealbruk. I Øystre Slidre har fleire myrområde i låglandet truleg blitt påverka av grøfting, oppdyrking og skogplanting, særleg i samband med tradisjonell jordbruksdrift. I fjellområda er myrene i aukande grad utsette for utbygging av fritidsbustader og tilhøyrande infrastruktur som vegar og leidningsnett.

Framleis er det fleire myrområde som ikkje er kartlagd eller har ein mangelfull kartlegging. Mange av desse områda kan potensielt kvalifiserast som verdifulle naturtypelokalitetar.

Regelverket kring inngrep i myr har blitt strengare. Seinast ved endringa i nydyrkingsforskrifta i 2020 då nydyrking av myr blei forbode, men også med høve til dispensasjon der det ligg føre særlege behov i landbruket. Grøfting av myr i samband med skogsdrift er i dag ikkje tillate etter skogstandarden. Det er òg forbode å grøfte myr for å etablere skogplantingar. Desse reglane går fram av forskrifta om berekraftig skogbruk.

5.4. Vatn og vassdrag

Hovudøkosystemet elvar og innsjøar omfattar alt ferskvatn i Noreg, altså elvar, innsjøar, bekkar, dammar, grunnvatn og brakkvatn. Forvaltninga av desse vassførekomstane er regulert gjennom vassforskrifta, som legg rammene for ei heilskapleg og berekraftig forvaltning av ferskvatn, kystvatn og grunnvatn. I tråd med forskrifta blir det utarbeidd regionale vassforvaltningsplanar for alle vassregionane i landet, kor det blir fastsett miljømål for dei ulike vassførekomstane med tilhøyrande tiltaksprogram med tiltak som må gjennomførast for å nå desse måla.

Øystre Slidre har eit kaldt og tørt innlandsklima, der fjella i vest skapar regnskugge og gjer at mykje av vinternedbøren kjem som lett og kald snø. Dei store høgdene i kommunen fører til at snø og is blir lagra gjennom vinteren og smeltar seint om våren og sommaren. Dette gir jamn avrenning og låge flaumtoppar, noko som er dokumentert i langtidsanalysar frå NVE.²⁴ Desse forholda har truleg gjort at kommunen tradisjonelt har hatt lite flaumproblematikk knytt til snøsmelting.

I dalføret mellom Øyangen i nord og Hovsfjorden i sør renn det austlege sidevassdraget til Begna. Elva ber fleire namn, og frå nord mot sør heiter ho Dalsåne, Volbuelva, Røssåne og Austre Slidreåne. Det meste av strekninga er regulert. Vassdraget er variert, med fossefall, stryk og rolege parti som slyngjer seg gjennom myr. I kommunen ligg òg fleire store vatn, mellom anna Vinstre, Øyangen, Olevatnet, Yddin og Melsenn.

Mangfaldet av innsjøar og elvar spelar ei viktig rolle for det biologiske mangfaldet i kommunen. Vassområda gir gode levevilkår for fisk som aure og røye, i tillegg til ei

²⁴ NVE Rapport 9/2025: *Observerte langtidsrender i snøforhold i Norge*. ISBN: 978-82-410-2464-1

rekke andre vasslevande organismar. Dei fungerer òg som viktige leveområde for fugleartar som er avhengige av våtmark og fuktige kantsoner for å finne mat, skjul og hekkestader.

Havelle (*Clangula hyemalis*, NT) er ein av fleire ender som held til og hekker i Øystre Slidre. Havelle oppheld seg i marine område på vinteren, men flytter om våren til fjelltraktene der ho hekkar ved ferskvatn. Reiret blir som oftast lagt inntil eller under ein busk, ikkje langt frå vasskanten, og er bygd av gras og planterestar og fora med dun.²⁵ Det finst fleire registreringar av havelle på Valdresflye.



Figur 13: Havhelle med sin karakteristiske lange stert. Bilete syner ein hannfugl i vinterdrakt. Foto: CC BY 2.0 (Artsdatabanken).


Øystre Slidre fjellstyre set jamleg ut fisk i fleire vatn i statsallmenningen, basert på faglege vurderingar av bestand og bereevne. Dette er ein del av ei langvarig fiskekultivering som skal sikre både friluftsliv og berekraftige bestandar. I fleire av vatna er kultiveringstiltaka særleg viktige fordi framandarten ørekyt er etablert. Ørekyt konkurrerer hardt med ørret yngelen om næring. Dei fleste vatna har aure, medan Yddin òg har abbor. Prøvefiske i Vinstre (2023) viser ein tynn, men storvaksen aurebestand, og utviklinga verkar positiv: garnfiske tyder på høgare gjennomsnittsalder og større del settefisk samanlikna med tidlegare prøvefiske.

²⁵ Artsdatabanken. (u.å.). Havelle *Clangula hyemalis*.
<https://artsdatabanken.no/arter/takson/3468/beskrivelse>



Figur 14: Øystre Slidre Fjellstyre har ansvar for fiskekultivering i statsallmenningen. Foto: Øystre Slidre Fjellstyre.

Tilstanden i ein vassressurs målast opp mot såkalla naturtilstand. Naturtilstanden i ei ferskvassførekomst blir i lowerket definert gjennom miljøtilstanden etter vassforskrifta. Denne tilstanden byggjer på økologiske, kjemiske og hydromorfologiske kriterium, der ein vurderer kvaliteten på artssamfunn, vasskvalitet og fysiske leveområde i vatn og vassdrag (les meir i kapittel 3.4.1). Figur 15 syner at 14,1 prosent av vassførekomstane i Øystre Slidre har svært god økologisk tilstand, 67,6 prosent har god tilstand, 16,9 prosent har moderat tilstand og 1,4 prosent av førekomstane er i dårleg tilstand. Når det gjeld kjemisk tilstand har 8,9 prosent (7 stk.) av vassførekomstane god tilstand, 1,3 prosent (1 stk.) har dårleg tilstand, og heile 89,9 prosent (71 stk.) er ikkje klassifisert.



TILSTAND	ANTALL	PROSENT %
Svært god	10	14,1 %
God	48	67,6 %
Moderat	12	16,9 %
Dårlig	1	1,4 %
Svært dårlig	-	-
Ikke klassifisert	-	-
Alle	71	100 %



Figur 15: Syner økologisk tilstand i dei ulike vassførekomstane i kommunen. Skjermbilete henta frå Vann-nett februar 2026.

Vassførekomstane i kommunen er påverka av fleire typar inngrep og arealbruk som samla reduserer økologisk tilstand og leveområde for artar knytt til vatn og våtmark. Blant dei viktigaste utfordringane er fysiske inngrep knytt til infrastruktur, vasskraftutbygging, forbygging og igjenfylling. Diffus avrenning frå spreidd busetnad, hytteområde og landbruk fører til tilførsle av næringsstoff, jordpartiklar og forureining, særleg der kantsoner er svekka eller manglar. Regulering av vassdrag endrar dei naturlege vassføringsvariasjonane og påverkar straumtilhøve, oksygeninnhald, temperatur og sedimenttransport. Rørlegging av bekkar i samband med utbygging eller landbruk fører til tap av opne bekkeløp og viktige kantsoner, noko som aukar erosjonsfare og reduserer naturleg reinsing av avrenning. Intakte kantsoner, opne bekkeløp og naturleg vassføring er sentrale føresetnader for å ta vare på naturmangfaldet i vassdrag, og kommunen må leggje til rette for arealbruk og tiltak som reduserer belastninga og styrkjer vassmiljøet.



Figur 16: Sandsvale (*Riparia riparia*, VU). Foto: CC BY 4.0 (Rolv Lundheim).

Sandsvale (VU) finst i heile landet, og det er estimert at det hekkar opp mot 20 000 individ i Noreg. Sandsvala hekkar i koloniar i sandbankar, elvemelar og grustak. Arten er avhengig av bratte sandveggar der ho grev ut hol som egga blir lagt i. I Øystre Slidre ligg det eit grustak ved Vinda som truleg husar den største sandsvalekolonien i Valdres. Sandsvala har hatt ein estimert tilbakegang på 30-50 prosent dei siste ti åra, delvis på grunn av forringing av hekkeområda²⁶. I Øystre Slidre er det rapportert om gjengroing av område der sandsvalene tidlegare har hatt reir.

5.5. Kulturlandskap

Korleis naturen har blitt brukt og hevda gjennom tidene har lagt grunnlaget for det naturmangfaldet vi ser i dag. Gjennom fleire hundreår har jordbruk og husdyrhald vore ein viktig del av livet i Øystre Slidre, med **stølsdrift** som ein viktig del av drifta.²⁷ Dette kjem til uttrykk gjennom dei mange kulturbetinga naturtypane ein i dag finn i Øystre Slidre.

Det blir framleis drive aktivt med støling i kommunen. Rett over 90 prosent av mjølkeprodusentane mjølkar på stølen. I 2005 var det 1129 mjølkekyr i kommunen, medan i 2025 var det 863 mjølkekyr. I 2025 er det noko meir sau enn i 2005, kor alle er på utmarksbeite. Talet på ammekyr har gått kraftig opp dei siste 20 åra. Frå 67 ammekyr i 2005 til 494 ammekyr i 2025. Talet på mjølkegeit har gått noko ned, frå 759 i 2005 til

²⁶ Eggen, M. & Falkenberg, F. (07.07.2025). *Sansvale og taksvale: Svaler i sanda og under takskjegget*. <https://www.birdlife.no/fuglekunnskap/nyheter/?id=3794>

²⁷ Messel, J. (u.å.). *Støling tilbake til bronsealderen*. Norsk kulturarv. <https://kulturarv.no/aktuelt/stoling-tilbake-til-bronsealderen/>

614 i 2025. Størsteparten av storfe i Øystre Slidre går på utmarksbeite. Om lag all sau går på utmarksbeite.

For alle husdyrproduksjonane syner trenden det same, med færre einingar og større besetningar. Mellom anna var det 89 mjølkeprodusentar i Øystre Slidre i 2005, medan det 20 år etter, i 2025, var 46 mjølkeprodusentar. Endra driftsformer, storleik på bruk og tal bruk endrar bruken av utmarka, som igjen påverkar naturmangfaldet i kulturlandskapet.



Figur 17: Kulturlandskapet i Øystre Slidre er forma av ein lang tradisjon med stølsbruk og utmarksbeite. Foto: Øystre Slidre Fjellstyre.

Slåttemarker har oppstått gjennom tradisjonell slått, med lite til ingen bruk av gjødsel eller pløying, i både innmark og utmark. Typisk for slåttemarkene er at dei har eit høgt artsmangfald av blomstrande plantar jamt fordelt i enga. Dei blir derfor òg kalla blomsterenger.²⁸ I desse engene kan ein finne både velkjente plantar som raudkløver, tiriltunge, og prestekrage, men òg ein rekke plantar som er sjeldne eller truga, som

²⁸ NIBIO (27.05.2020) *Slåttemark*. <https://www.nibio.no/tema/landskap/kulturlandskap-og-biologisk-mangfold/kulturmarkstyper/slattemark>

brudespore, skogmarihånd og dvergmarinøkkel.²⁹ I dag er slåttemarkene vurdert som kritisk truga (CR) på den norske raudlista.



Figur 18: Dragehode (Dracocephalum ruyschiana, VU) veks på tørre og lysopne plassar, som habitat som haldast opne ved slått. Dragehode er å finne fleire plassar i Valdres, og er ein prioritert art. Foto: Andrea Cathrin Gisti Ganger.

Slåttemyr er ei anna kulturbetinga naturtype ein finn i Øystre Slidre. Slåttemyrer er myrer som har blitt nytta til slått. Myrene er i hovudsak dominerte av gras og starr, men artssamansettinga varierer mykje etter næringsinnhaldet i myra. Dei gamle slåttemyrene er ofte prega av myrullartar, og i meir næringsrike myrer veks det gjerne mange orkidear. Slåttemyr inngår i den overordna naturtypen semi-naturlig myr, som er vurdert som sterkt truga (EN) på den norske raudlista.³⁰

²⁹ Svalheim, E., Garnås, I., og Hauge, L. (13.12.2018). Slåttemark, veileder for restaurering og skjøtsel. ISBN: 978-82-17-02216-9 <https://nva.sikt.no/registration/0198cc6cb98a-d31af3a2-dabb-4afd-bbe9-b16c149e91f4>

³⁰ NIBIO (27.05.2020) Slåtte- og beitemyr. <https://www.nibio.no/tema/landskap/kulturlandskap-og-biologisk-mangfold/kulturmarkstyper/slatte-og-beitemyr>



Figur 19: Tradisjonell slått med bruk av ljå. Foto: Andrea Cathrin Gisti Ganger.

Naturbeitemark er udyrka beitemark som er lite eller ikkje gjødsla. Beitemarkene har mange av dei same artane som finst i slåttemarkene, men beitemarkene er generelt meir grasdominerte. Dette har samanheng med korleis husdyra beita, påverkinga av tråkk og effekten av naturleg tilførsel av husdyrgjødsel. Naturbeitemark er vurdert som sårbar (VU) på den norske raudlista for naturtypar.³¹

Hagemark inngår i naturtypen naturbeitemark, og er ei open, tresatt naturbeitemark som har vakse fram gjennom langvarig beite i skogsområde. Enga har beitemarkspreg, som vil seie at artane vert beita selektivt, samtidig som artssamansettinga vert påverka av tråkk og avføring frå beitedyra. Hagemark inngår i vurderingseininga semi-naturleg eng, som er vurdert som sårbar (VU) på den norske raudlista for naturtypar.³²

Boreal hei er særleg knytt til stølsområde i fjellet. Dette er ein open naturtype dominert av dvergbuskar og lyng, som m.a. krekling, røsslyng og einer. Naturtypen har oppstått

³¹ NIBIO (27.05.2020) *Naturbeitemark*. <https://www.nibio.no/tema/landskap/kulturlandskap-og-biologisk-mangfold/kulturmarkstyper/naturbeitemark>

³² Miljødirektoratet (u.å.). *Hagemark*. <https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/naturtyper/hagemark/>

gjennom hogst og rydding, og har sidan vorte halden i hevd gjennom sommarbeite av husdyr. Boreal hei er vurdert som sårbar (VU) på den norske raudlista for naturtypar.³³



Figur 20: Bakkesøte (*Gentianella campestris*, LC) fotografert i Etnlie, ryllik (*Achillea millefolium*, LC) og tiriltunge (*Lotus corniculatus*, LC) er typiske urter som trivst ved beitemarker med lite gjødsling. Foto: Bakkesøte: Nina Karoline Svensrud, ryllik og tiriltunge: CC BY 3.0 (Bolette Bele).

Bruken av naturressursane har forma eit artsrikt kulturlandskap med både høg biologisk verdi og stor kulturhistorisk betydning. Kulturmarkene inneheld eit stort artsmangfald av både plantar, sopp og insekt. Heile 24 prosent av dei raudlista artane i Noreg held til i kulturmarkene, som vil seie om lag 685 artar. Dei fleste av desse er biller, sopp, sommarfuglar, karplantar og vepsar.

Ein stor del av blomane ein finn i kulturmarkene (og elles i naturen) er avhengige av pollinerande insekt. Om lag 75 prosent av verdas matproduksjon er òg knytt til desse insekta. Humler og bier er dei viktigaste pollinatorane. Sommarfuglar, biller og fluer spelar òg ei sentral rolle.³⁴ Dei pollinerande insekta er avhengige av mangfaldet av blomster som det semi-naturlege kulturlandskapet byr på. Meir intensivt landbruk, arealendringar og attgroing gjer situasjonen krevjande for pollinatorane. Forsvinn maten

³³ Miljødirektoratet (u.å.). *Boreal hei*. <https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/naturtyper/boreal-hei/>

³⁴ Miljødirektoratet. (u.å.). *Humler og bier – pollinatorer*. <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/arter-naturtyper/truede-arter-og-naturtyper/humler-og-bier-pollinatorer/>

til insekta, forsvinn dei òg, noko som vil ha negativ verknad på matproduksjonen vår.



Figur 21: Norske bier lever utelukkande av pollen og nektar, og er derfor avhengige av ein blomsterrik eng. Foto: Nina Karoline Svensrud.

I dag er dei fleste naturtypene ein finn i kulturlandskapet raudlista. Utan aktiv skjøtsel gjennom slått og beite, vil desse naturtypene gro igjen. Øystre Slidre har eit særleg stort forvaltningsansvar for både naturbeitemark og slåttemark.³⁵

5.6. Fjellområda

Fjellet har vore og er framleis eit viktig område for hausting av ressursar gjennom jakt, fiske, slått eller beite. Fjellet er og ein viktig stad for rekreasjon og opplevingar. Alle naturlege opne område over skoggrensa kategoriserast som fjell. Dei opne områda omfattar hei, grasmark, nakent berg, ferskvatn og snø, samt myr og våtmark. Ofte inkluderer ein den fjellnære bjørkeskogen eller barskogen også i definisjonen av fjell.

³⁵ Larsen, B. H. & Gaarder, G. (2015). *Ansvarsnaturtyper og ansvarsarter for Oppland Fylke*. <https://www.statsforvalteren.no/siteassets/sf-innlandet/06-miljo-og-klima/naturforvaltning/rapport---ansvarsnaturtyper-og-ansvarsarter-for-oppland-fylke.pdf>

Menneskeleg ferdsel og forstyrringar utgjer ein stor trussel mot sårbare naturverdiar i fjellet. I tillegg vil klimaendringane få store konsekvensar for ein rekkje artar. Skoggrensa vil flytte seg jamt oppover i takt med klimaendringar og redusert beitetrykk. Snøen vil smelte tidlegare om våren, og fjellområda vil kunne bli meir utsette for tørke.



Figur 22: Isssoleie (*Ranunculus glacialis*, VU) på Bitihorn. Foto: Isak Håvarstein Lothe.

Isssoleia (VU) er ein av dei karplantane vi finn høgast til fjells. Ho trivst i snøleier, altså søkk i terrenget der snøen blir liggjande lenge. Elles finn ein isssoleia òg på andre fuktige stader som får smeltevatn frå snøfonner og isbrear. Ho utkonkurrerast av aukande gjengroing, og er avhengig av desse fuktige områda for å trivst. Det er fleire registreringar av denne blomen på Valdresflye og i Langsua nasjonalpark.

Mogop (NT) veks på tørre furumoar, i beitemark og på rabbane i fjellet. Arten har lokalt store førekomstar i overgangen mellom subalpin og lavalpin sone i stølsområde. Arten er òg påvist på opp til 1940 moh. i Jotunheimen. Mogop har framleis ein stor og tilsynelatande stabil bestand i fjellområda, og er registrert fleire stadar i Øystre Slidre. Desse bestandane vil truleg bli negativt påverka av klimaendringar og av at beitebruka tek slutt.



Figur 23: Mogop (*Pulsatilla vernalis*, NT) på Beitostølen. Foto: Nina Karoline Svensrud.




Figur 24: Fjellandskap i Øystre Slidre Statsallmenning. Foto: Øystre Slidre Fjellstyre.

5.7. Verneområde

Heile 23 prosent av kommunens areal er verna som naturområde. Det største verneområdet er **Langsua nasjonalpark** (200 km² i Øystre Slidre kommune). Nasjonalparken vart oppretta i 2011, og er ei samanbinding av seks naturreservat og fire landskapsvernområde. Langsua nasjonalpark er verna for å ta vare på eit stort, villmarksprega lågfjellandskap. Området har lang tradisjon for beitebruk, noko som har skapt eit unikt mangfald av plantar, dyr og fuglar. Dei einaste førekomstane av skjeggklokke (EN) i Nord-Europa finst i Langsua, men det er òg leveområde for andre sårbare planteartar som handmarinøkkel (NT), haustmarinøkkel (VU), huldrestarr (NT) og finnmarkstarr (EN). I verneplanen for Langsua er det lagt vekt på at nasjonalparken er eit viktig leveområde for dobbelbekkasin (NT), fjellmyrløper (NT) og myrhauk (EN).³⁶

³⁶ Langsua nasjonalparkstyre. (u.å.). *Om nasjonalparken*. <https://www.langsua.no/om-nasjonalparken/>



Figur 25: Langsua-komplekset som består av totalt 11 verneområde: seks naturreservat, fire landskapsvernområde og Langsua Nasjonalpark. I Øystre Slidre kommune finn ein deler av Langsua Nasjonalpark, Kjølaåne naturreservat og Haldorbu landskapsvernområde.

Kjølaåne naturreservat ligg nord for Yddin (854 moh.), og er prega av store, samanhengande myrer, avbrotne og små bjørkekollar og frodige vierkratt i kantsonene. Vassdraga Kjølaåne og Etne renn gjennom reservatet, som bidreg til eit rikt og dynamisk våtmarkssystem. Myrområda har eit stort artsmangfald og er i liten grad påverka av grøfting eller oppdyrking, noko som gjer dei til eit viktig referanseområde for intakte våtmarker i fjellnære strøk. Fuglelivet i området er rikt, og det finst fleire våtmarksartar som hekkar her. Området har òg botaniske kvaliteter.³⁷

Haldorbu landskapsvernområde omfattar eit høg fjellslandskap, og inneheld eit verdifulle stølsmiljø og organiserte utmarkshamningar, der beiting med husdyr framleis er ein aktiv del av arealbruken. Denne drifta bidreg til å oppretthalde kulturbetinga vegetasjonstypar og eit rikt planteliv. Som Kjølaåne naturreservat og Langsua

³⁷ Liebe, M., & Ulring, U. (2020). Verneområdene i Langsua: Forvaltningsplan 2020–2030 (Publikasjonsnummer 01-2019). Langsua nasjonalparkstyre.
https://www.nasjonalparkstyre.no/uploads/images_langsua/Langsua_NO_2020.pdf

nasjonalpark, har Haldorbu landskapsvernområde også eit rikt fugleliv.³⁸



Figur 26: Det er registrert større bestand av lavarten Mjuktjafs (*Evernia divaricata*, VU) i Øystre Slidreåne naturreservat. Mjuktjafs er ei nansvarsart i Øystre Slidre. Foto: CC BY 4.0 (Rune Halvorsen).

Øystre Slidreåne naturreservat ligg langs elva Øystre Slidreåne ved utløpet av Hovsfjorden mot Sæbufjorden, på grensa mellom Vestre Slidre og Øystre Slidre kommune. Verneføremålet til naturreservatet er å verne om eit variert område med gamal barskog, bekkekløftmiljø, sumpskog, gamal lauvskog og kalkrik skog. Her finn ein sjeldne, kravfulle og truga artar, inkludert ein art som er ansvarsart for regionen: mjuktjafs (VU). I alt er det registrert 14 raudlista artar i naturreservatet. Desse er knytt til sumpskog, kalkskog og bekkekløftmiljø, og i mindre grad daud ved.

Sanddalstjeden naturreservat er eit våtmarksområde på nordsida av Vinstre.

Naturreservatet omfattar Sanddalstjern, samt fleire småtjern, dammar, myrer, sumpar og fleire bekker. Området er ein hekkeplass for fleire ulike ender og vadefuglar.

5.7.1. Verna vassdrag

Kommunen har tre vassdrag som er varig verna gjennom dei statlege verneplanane: Sjoa og Heggefjorden frå *Verneplan I*, og Etna frå *Verneplan IV*. Vernestatusen betyr at desse vassdraga utgjer særleg viktige delar av den nasjonale vassdragsnaturen, og at dei er tekne inn som del av eit representativt og langsiktig vern av norske nedbørfelt og vassdragsmiljø.³⁹

Dei tre vassdraga representerer viktige økologiske korridorar frå høg fjell til dalbotn. Dei store høgdeskilnadene og kombinasjonen av elveløp, myrer, innsjøar og brepåverka landskap, skapar eit variert naturmiljø med høg artsrikdom i botanikk, fugleliv, landfauna og vassfauna. Dei rommar sårbare naturtypar, sjeldne artar, viktige våtmarksområde og økologiske samanhengar. Desse vassdraga har òg store

³⁸ Liebe, M., & Ulring, U. (2020). *Verneområdene i Langsua: Forvaltningsplan 2020–2030* (Publikasjonsnummer 01-2019). Langsua nasjonalparkstyre.

https://www.nasjonalparkstyre.no/uploads/images_langsua/Langsua_NO_2020.pdf

³⁹ Norges vassdrags- og energidirektorat. (u.å.). *Verneplan for vassdrag*. <https://www.nve.no/vann-og-vassdrag/vassdragsforvaltning/verneplan-for-vassdrag/innlandet/>

landskaps- og kulturminneverdiar, og dei er viktige område for friluftsliv, reindrift og tradisjonell bruk.

5.8. Vilt

Naturmangfaldlova § 15 første ledd inneheld lova sitt forvaltningsprinsipp for dyr. Føresegnene slår fast at hausting og anna uttak av naturleg viltlevande dyr skal byggje på lov eller vedtak med heimel i lov. Vidare heiter det at unødig skade og liding på viltlevande dyr og deira reir, bu eller hi skal unngåast. Like eins skal unødig jaging av viltlevande dyr unngåast. Eit av dei sentrale omsyna bak den siste føresegna er omsynet til dyrevelferd.

Hjortevilt: Ein finn tre av dei fire hjorteviltartane i Øystre Slidre: hjort, rådyr og elg. Hjorteførekomsten har dei siste tiåra auka i alle Valdreskommunane, kor dei har vandra inn frå vest. Klimaendringane kan verke gunstig for hjort og rådyr, medan elg vil få auka utfordringar i eit varmare klima.

Elgen held seg stort sett i alle område under tregrensa. I 2025 vart det gjennomført elgbeitetaksering som viste at det er eit relativt høgt beitetrykk i kommunen, med ein tydeleg auking av beiting på dei mest attraktive treslaga, som til dømes rogn, osp og selje, men òg furu og bjørk. Dette kan få konsekvensar for det framtidige fôrgrunnlaget for elgen.⁴⁰

Hovudansvaret for hjorteviltforvaltninga ligg hos driftsplanlaget, men i arealforvaltninga er det òg viktig å ta omsyn til regionale trekkvegar og sentrale overvintringsområde. Kommunen har ein overordna forvaltningsplan for hjortevilt som gjeld for fem år om gongen. I tillegg blir det utarbeidd driftsplanar med treårige periodar. Desse planane fastset kvotene for perioden og fordeler dei mellom jaktlaga, basert på jaktstatistikk, slaktevekte og minsteareal fastsett i lokal forskrift om tilgang til jakt.

Småvilt: I august kvart år blir rype og skogsfugl takserte langs faste takseringslinjer over heile landet. Desse takseringane gir eit viktig kunnskapsgrunnlag for korleis rypebestanden kan forvaltast gjennom jakta. I Øystre Slidre kommune har takstresultata for rype vore låge dei siste åra, og i 2021, 2022 og 2023 vart det berre opna for harejakt. Forsking viser at særleg lirypa er utsett som følge av klimaendringar, der seinare vintrar og tidlegare snøsmelting gjer arten ekstra sårbar.


I 2012 vart det gjennomført ei registrering av tiurleikar i Øystre Slidre kommune. Fragmentering av leveområde, hogst av gammalskog og utskifting av blanda skog med

⁴⁰ Rishatt, A. (2025). Elgbeitetaksering 2025 Øystre Slidre. Dokkadeltaet Nasjonale Våtmarkssenter AS (Rapport 2025:30).

meir einsarta skog påverkar storfuglbestand negativt. På grunn av desse endringane kan fleire av leikplassane i dag vere mindre representative eller ikkje lenger i bruk.

Rovvilt: Hovudgrepet for rovviltforvaltninga er geografisk differensiering. Det er definert kva område der ein ynskjer at rovvilt skal kunne etablere seg. I desse områda er det høg terskel for felling av rovvilt. Utanfor desse sonene ynskjer ein ikkje etablering av rovvilt, og det skal leggst til rette for beitedyr. Sona er også gjerne kalla «Beitesone».⁴¹

Øystre Slidre er, som resten av Valdres, del av **forvaltningsområde for gaupe**.



Figur 27: Syner forvaltningsområde for gaupe i deler av innlandet.

Øystre Slidre, og resten av Valdres, er utanfor **forvaltningsområde for jerv**.

Samstundes er det ofte jerv i fjellområda i Øystre Slidre, då kommunen grensar til forvaltningsområdet. Utfordringa med dette er at det i desse områda går mykje beitedyr. Tamrein har beiteområde og kalvingsområde, samstundes som det beitar mykje sau. God overvaking er derfor eit godt tiltak for å minimere tap av beitedyr til rovdyr. Observasjonar og DNA-prøver av jerv vert publisert i [Rovbase](https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/arter-naturtyper/vilt/rovvilt/rovviltforvaltning/), som er den nasjonale databasen for dokumenterte førekomstar av rovdyr.

Rovfugl: Rovfuglar toler dårleg forstyrningar når dei hekkar, og mykje uro kan føre til at dei forlèt reiret. For fleire artar er ein uforstyrra radius på om lag 200 meter avgjerande

⁴¹ Miljødirektoratet. (u.å.). *Rovviltforvaltning*. <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/arter-naturtyper/vilt/rovvilt/rovviltforvaltning/>

for at hekkinga skal lukkast. I Øystre Slidre har vi fleire slike artar, som kongeørn, hønsehauk, jaktfalk og myrhauk.

Ugler er òg sårbare for forstyrringar i hekketida, og fleire artar treng rolege område med god tilgang på holtre og jaktmark for å kunne gjennomføre hekkinga. Som for andre fugleartar gjeld det eit krav om å ta særleg omsyn etter naturmangfaldlova, slik at inngrep og aktivitetar ikkje fører til unødig skade eller forstyrring av arten.

Fleire rovfuglar er klassifiserte som sensitive artar, der reirhyller, hekkelokalitetar og permanente territorium er unnatekne frå offentleg innsyn.

5.9. Grøn infrastruktur og nærnatur

Grøn infrastruktur er viktige nettverk for naturmangfald og består av strukturar, areal og element i landskapet som har ein viktig funksjon som forflyttingskorridorar for artar, og som bidreg til at funksjonar og strukturar i økosystem blir haldne ved lag i eit langsiktig perspektiv. Både landareal, vatn og vassdrag inngår i omgrepet, og omgrepet *blågrøn infrastruktur* blir òg nytta om dette.

Økosystem og bestandar som er isolerte er meir sårbare for negativ påverknad enn dei som inngår i større, samanhengande økologiske nettverk, der samanheng i naturen gjev artane betre høve til både forflytting og tilpassing til endra miljøtilhøve. Ein velfungerande grøn infrastruktur har naturkvalitetar som legg til rette for at artar kan vandre og spreie seg mellom eigna leveområde, noko som er avgjerande for å oppretthalde livskraftige bestandar.

I tillegg til å ha verdi for naturmangfaldet, utgjer grøn infrastruktur òg viktige område for friluftsliv og tilpassing til klimaendringar. Grøn infrastruktur kan mellom anna bestå av grønne område i tettstader, bustadfelt og hyttefelt, som er viktige for urbant naturmangfald og nærfriluftsliv.

Å leggje til rette for grønne korridorar for ferdsel i utbygde område er eit sentralt verkemiddel for å styrkje tilgangen til og bruken av friluftslivområde. Naturmangfaldet utgjer samstundes ein viktig del av sjølve friluftslivsopplevinga. NOU 2013:10 *Naturens goder – om verdier av økosystemtjenester* peikar på at friluftsliv og høve til rekreasjon i naturen er ei sentral økosystemteneste med stor betydning for både velferd og folkehelse.⁴²

I Øystre Slidre er nærnatur tilgjengeleg for folk flest innanfor korte avstandar. Nedbygging og endra arealbruk kan føre til fragmentering og tap av økosystem og viktige funksjonsområde for artar, og fragmenteringa av dei økologiske nettverka kan også

⁴² Miljødirektoratet. (u.å.). Grøn infrastruktur. Henta frå <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/arealplanlegging/gronn-infrastruktur/>

gjere nærnaturen mindre tilgjengeleg for menneska i området. For å redusere potensiell fragmentering og oppretthalde grønne forbindelsar for artar og menneske er det difor viktig å ta omsyn til grøn infrastruktur og økologiske nettverk i arealplanlegging.

5.10. Påverknadsfaktorar som trugar naturmangfaldet

Det er fleire faktorar som påverkar naturmangfaldet i Øystre Slidre, og kan vere øydeleggjande for naturmangfaldet. Dette gjeld mellom anna framande artar og klimaendringar, som begge har dokumentert negativ påverknad på artar og økosystem.

Menneskeleg aktivitet utgjer ein sentral påverknadsfaktor. Fysiske inngrep i form av utbygging og endra arealbruk har stor innverknad på naturmangfaldet, særleg gjennom tap av leveområde og fragmentering av habitat. Når naturområde vert bygde ned eller delt opp i mindre einingar, vert leveområda mindre samanhengande, noko som gjer det vanskelegare for artar å oppretthalde levedyktige bestandar. Flatehogst og andre inngrep kan forsterke denne fragmenteringa ytterlegare.

I Øystre Slidre kommune er mange raudlista artar knytte til kulturlandskapet. Opphøyr av tradisjonell drift og påfølgjande gjengroing har difor negativ verknad på desse artane og på det samla naturmangfaldet.

Forureining i vassdrag har stor påverknad på vasslevande organismar. Sjølv om kommunen har mykje reint vatn, fører avrenning frå mellom anna landbruk og erosjon til forringa vasskvalitet. Også fysiske inngrep i vassdrag, som kanalisering og lukking av bekkar, kan påverka økosystema negativt.⁴³

Miljøkriminalitet og ulovlege handlingar kan skade viktig natur. Ulovleg jakt, samling av egg, individ eller freda plantar har stor negativ påverknad på dei aktuelle artane.

Forsøpling kan ha stor påverknad på lokale artar og økosystem. Plastavfall vert ikkje brote ned naturleg, og kan difor samle seg over lang tid og skade både dyreliv og leveområde. I tillegg kan medbrakt biologisk materiale, som jord, frø eller organisk restmateriale, fungere som vektorar for framande artar og smittestoff. Dette kan endre artssamansetjinga lokalt og leggje press på sårbare bestandar.

Eit konkret døme er bruk av høy som kvilemateriale for sledehundar under vinteraktivitetar. Slike materiale kan innehalde frø eller mikroorganismar som ikkje høyrer heime i området, og som kan etablere seg dersom dei vert liggjande att i naturen.

⁴³ Miljødirektoratet. (u.å.). *Påvirkninger på vann*. <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/vann-hav-og-kyst/pavirkninger-vann/>

For å redusere risikoen for økologiske forstyrningar er det avgjerande at materiale som vert teke med ut i naturen, også vert fjerna etter bruk. Dette gjeld både syntetisk avfall og naturleg materiale som ikkje høyrer heime i det aktuelle området.

5.10.1. Framande artar

I kapittel 3.1.1.2. er framande artar omtala meir inngåande, saman med vurderingsgrunnlaget for desse. I Øystre Slidre er det registrert fleire ulike framande artar med ulik grad av invasjonspotensial og økologisk effekt. Under er artane med svært høg og høg risiko lista opp. Dei fleste er registrert i [artskart](#). Underrapporteringa er nok stor, men kommunen har fått auka rapporteringar dei seinare åra ettersom meir areal har blitt naturtypekartlagt.

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Risiko-gruppe	Kommentar
Plantar:			
Hagelupin	<i>Lupinus polphyllis</i> Lindl.	SE	Veks særleg langs veg, men også forvilla frå hagar. Slås eller lukast før frøsetting.
Sandlupin	<i>Lupinus nootkatensis</i>	SE	Store førekomstar ved Beitostølen. Slås eller lukast før frøsetting
Syrin	<i>Syringa vulgaris</i>	SE	Nokre registrerte førekomstar i kommunen. Syrin veks betre i mildare klima.
Prakttoppklokke	<i>Campanula glomerata</i> var	HI	
Ugrasklokke	<i>Campanula rapunculoide s L</i>	HI	
Filtarve	<i>Cerastium tomentosum</i>	SE	
Dagfiol	<i>Hesperis matronalis</i> L.	HI	
Mellomvalurt	<i>Symphytum xuplandicum</i>	HI	
Skogskjegg	<i>Aruncus dioicus</i>	SE	Forvilla hageplante med få førekomstar.
Hageskrinneblom	<i>Arabis caucasica</i>	SE	
Buskhyll	<i>Sambucus racemosa</i> L.	SE	
Honningknoppurt	<i>Cyanus montanus</i>	SE	
Rakbergknap	<i>Phedimus aizoon</i>	HI	

Rynkerose	<i>Rosa rugosa</i>	SE	
Sibirertebusk	<i>Caragana arborescens</i>	HI	
Bladfaks	<i>Bromopsis inermis</i>	SE	
Russekål	<i>Bunias orientalis</i>	SE	
Takløk	<i>Sempervivum tectorum</i>	HI	
Sitkagran	<i>Picea sitchensis</i>	SE	
Klistersvineblom	<i>Senecio viscosus</i>	SE	
Hvitdodre	<i>Berteroa incana</i>	SE	
Tromsøpalme	<i>Heracleum persicum</i>	SE	Observert, men ikke registrert. Må fjernast med verneutstyr då plantesaft og sol gir brannskadar.
Kjempebjørnekjeks	<i>Heracleum mantegazzianum</i>	SE	Observert, men ikke registrert. Må fjernast med verneutstyr då plantesaft og sol gir brannskadar.
Fagerfredløs	<i>Lysimachia punctata</i>	SE	Forvilla hageplante.
Parkslirekne	<i>Reynoutria japonica</i>	SE	Forvilla hageplante. Få førekomstar, spreiar seg veldig raskt frå små plantebitar ved graving/flytting av masser.
Buskfuru	<i>Pinus mugo</i>	SE	Spreiing frå hyttehagar.
Dyr, fugl og fisk:			
Mink	<i>Neovison vison</i>	SE	Vanleg ved vassdrag. Trugar fuglelivet.
Kanadagås	<i>Branta canadensis</i>	HI	Aukar i tal.
Ørekyt	<i>Phoxinus phoxinus</i>	SE	Vanleg. Trugar ørreten i fjellvatna.

Kommunen vurderer lupin som den framandarten som per i dag utgjer den største trugselen mot naturmangfaldet i Øystre Slidre. I tillegg finst det fleire andre framandartar som kommunen vil følgje særleg nøye med på i åra som kjem, då dei kan få aukande utbreiing eller påverknadspotensial.

Kommunen arbeider òg aktivt med overvaking og nedkjemping av førekomstar av kjempebjørnekjeks og tromsøpalme, to artar som kan spreie seg raskt og fortrenge lokal vegetasjon. Frå andre delar av Valdres er det i tillegg rapportert om landøyda, ein plante

som kan skape betydelege utfordringar for landbruket på grunn av giftstoffa han inneheld og risikoen for at husdyr får i seg planten gjennom fôr.

Mink i Noreg stammar frå rømt pelsmink og gjer betydeleg skade på lokal fauna, særleg på bakkehekkande fugl, som er særleg sårbare for predasjon. Det er difor opna for heilårs jakt på mink i heile landet.

Øystre Slidre fjellstyre har òg fjerna buskfuru som har spreidd seg frå hyttehagar, samt lerk som er planta i enkelte hytte- og stølsområde, for å redusere risikoen for vidare spreining og påverknad på det lokale naturmangfaldet.



Figur 28: Framande bartre-arter observert i kommunen, som lerk (t.v.) og buskfuru (t.h.) (SE). Foto: Øystre Slidre Fjellstyre.


Dei siste åra har kommunen gjennomført aksjonar mot lupin, og ein finn to ulike typar lupin i kommunen: hagelupin (SE) og sandlupin (SE). Lupinar er innført til Noreg frå Nord-Amerika. Ein gong i tida vart han brukt som hageplante i tillegg til at han vart planta ut langs veganlegg i Noreg. No er han oppført på lista over framande artar i kategorien svært høg risiko, og det er forbode å innføre, setje ut og omsetje planta.

Kommunen samarbeider med Innlandet Fylkeskommune for å fjerne lupinar langs fylkesveg 51, spesielt på Beitostølen. Lupinar har ein stor spreiefare i opne område med nok lys. Han har nitrogenfikserande knollar i røtene og endrar jordsmonnet slik at han trivst betre sjølv, på kostnad av stadeigne artar.⁴⁴ Lupinar utgjer derfor ein svært høg risiko for å spreie seg i høgfjellet og kan utgjere ein stor skade på lokal fauna.

Kommunen har saman med fylkeskommunen justert slåttetider langs veg, gjennomført

⁴⁴ Artsdatabanken. (u.å.). *Hagelupin (Lupinus polyphyllus)*. <https://artsdatabanken.no/arter/takson/61942>

informasjonskampanjar mot vel- og hytteforeiningar, hatt opplæring av eigne tilsette som skjøttar grøntområde og engasjert skoleungdom til å delta på slått og luking. For å halde spreinga av lupinar og andre framandartar i sjakk, er kommunen avhengig av lokalbefolkninga og deira engasjement og ansvar på eigne areal. Det er vesentleg enklare å førebyggje etablering av framandartar enn å fjerne dei etter at dei har fått fotfeste.



Figur 29: Lupin har svært høg spreingsevne og kan raskt dominere heile vegkantar. Effektiv fjerning krev grundig planlegging og systematisk oppfølging over fleire år. Foto: M. Haaverstad.

5.10.2. Klimaendringar

Klimaendringane fører til endra nedbørsmønster og temperaturar, og vil påverke naturmangfald, artar, økosystemtenestar og -funksjonar. Endringane i klima kan føre til endra leveområde og årssyklusar for ulike artar, det kan endre vekstsesongane, og det kan auke presset på sårbare økosystem. Klimaendringane vil òg påverke tregrensa og skogproduksjon. Dei endra klimaføresetnadane kan påverke livsmiljøet til artar raskare enn dei klarer å tilpasse seg, som kan endre samansettinga og utbreiinga av artane.

Dei endra føresetnadane kan også føre til at framande artar lettare vert spreidd til nye område, som vil påverke dei opphavlege artane i området. Dette kan, som nemnt tidlegare, gje negative konsekvensar for andre artar som kan verte konkurrerte ut frå deira naturlege habitat.

Klimaendringane gir våtare og villare vêr. Vi bør difor verne om opne bekker, myrer og våtmarker for å ikkje øydelegge evna desse naturtypene har til å fungere som naturleg flaumdemping.

5.11. Ansvarsartar og -naturtypar i Øystre Slidre kommune

I 2015 vart det utarbeida ein rapport som inneheld ei kommunevis oversikt over ansvarsartar og ansvarsnaturtypar som finst i dei enkelte kommunane i gamle Oppland.⁴⁵ Ansvarsartar og -naturtypar er ikkje nødvendigvis det same som raudlista artar, men er eit utval artar og naturtypar som Noreg i ein internasjonal samanheng har eit ansvar for (sjå kap. 3). Sidan rapporten blei utgjeve har både naturtypane (2018) og artane (2021) fått nye raudlistevurderingar. Vi har derfor oppdatert raudlistevurderingane i den vidare framstillinga.

Naturtypar

**Særleg viktig
forvaltningsansvar**

Naturbeitemark og slåttemark	Artsrike område med lang hevdtradisjon, ofte kalla rike beite- og slåtteterreng.
Boreal hei	Lyngdominert vegetasjon i barskogbeltet, ofte brukt til beite.
Engprega erstatningsbiotopar	Som veg- og jernbanekantar – desse kan ha ein artsrik flora med fleire raudlista kulturmarksartar, til dømes dragehode (VU).
Heilskaplege gards- og stølslandskap	I dag gjerne omtala som kulturlandskap. Her inngår naturtypar som kulturenger, hagemark, beiteskog, slåtte- og beitemyr, samt naturbeitemark og boreal hei.

⁴⁵ Larsen, B. H. & Gaarder, G. (2015). *Ansvarsnaturtyper og ansvarsarter for Oppland Fylke*. <https://www.statsforvalteren.no/siteassets/sf-innlandet/06-miljo-og-klima/naturforvaltning/rapport---ansvarsnaturtyper-og-ansvarsarter-for-oppland-fylke.pdf>

**Viktig
forvaltningsansvar**

<i>Rik bergmark</i>	Opent areal under tregrensa på berggrunn med næringsrike mineral eller grunnlendt jord som gir gode vekstvilkår for ein artsrik flora.
<i>Hagemark</i>	Tresatt naturbeitemark
<i>Store myrområde</i>	Område kor ein finn arealkrevjande eller spesialiserte våtmarksfuglar, som t.d. dobbeltbekkasin (NT). Ein kan òg finne artar som huldrestarr (NT).

Artar

**Særleg viktig
forvaltningsansvar**

<i>Fuglar</i>	- Myrhauk (EN) - Trane (LC) - Dobbeltbekkasin (NT) - Fjellerke (LC)
<i>Karplantar</i>	- Fjellmarinøkkel (LC) - Huldrestarr (NT) - Dragehode (VU)
<i>Mosar</i>	- Flomtvebladmose (EN)
<i>Lav</i>	- Småblæreglye (EN)

**Viktig
forvaltningsansvar**

<i>Karplantar</i>	- Handmarinøkkel (NT) - Mogop (NT)
<i>Mosar</i>	- Blåkurlemose (LC) - Råtetvebladmose (EN)
<i>Lav</i>	- Huldrenål (EN) - Smalhodenål (VU) - Elfenbenslav (EN) - Steppeskiferlav (VU) - Brun punktlav (VU) - Flatragg (NT)
<i>Sopp</i>	- Tvillingslørsopp (NT) - Svart raudspore (NT) - <i>Entoloma scabropellis</i> (NE) - <i>Entoloma velenovskyi</i> (VU) - Dyster korallsopp (VU)